

Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:	Digitalt - teams
Dato:	12.03.2021
Tidspunkt:	09.00- 16.00

Eventuelt forfall må meldes snarest til 91100829. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Styremøtet blir gjennomført digitalt på teams.

Det er lagt opp til ein times lunsjpause mellom 11.30-12.30.

Velkommen til teamsmøte og kok dykk god kaffe/te til møtet!

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 6/2021	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 7/2021	Referatsaker		
	SV: planstrategi Lesja		2020/12239
	Opprettholder vedtak - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - UK Royal Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11)		2020/14012
	Områdereguleringsplan Bjorli-fastsetting av planprogram		2020/10811
	Beslutning om ekstraordinær skadefelling av jerv i deler av Reinheimen NP		2021/1361
	Oversendelse evalueringsrapport - forvaltningsordningen NP og LVO		2021/1361
	Melding om vedtak - Reinheimen NP - jaktprøve - Hedmark og Oppland Fuglehundklubb		2021/1864
ST 8/2021	Delegerte saker		
DS 9/2021	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2025 - snødekt mark - barmark - motorbåt - Kabben - Tunga - Jan Steinar Grøtta		2021/614
DS 10/2021	Søknad - Romsdalen LVO - snødekt mark - oppkjøring av skiløype - Brøstdalen - Øverdalen idrettslag		2021/515
DS 11/2021	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark - 2020 -2025 - Grytten fjellstyre		2020/13174
DS 12/2021	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2025 - helikopter - Brøstet - Pyttbua - Veltdalen - Danskehytte og Grotli - DNTSunnmøre		2020/13230
DS 13/2021	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - oppkjøring av skiløype - Brøstdalen - Øverdalen idrettslag v/ Lars Fransplass		2021/515
DS 14/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - Torsvatnet - Odd Jostein Bøhle		2021/855
DS 15/2021	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport av ved og utstyr til hytte ved Lortjønn - Lodvar Brekkum		2021/533
DS 16/2021	Delegert vedtak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport i forbindelse med restaurering av fiskenaust - Leif Skiaker		2021/1084
DS 17/2021	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - snødekt mark - 2020 - transport av båt - Vetledalen - Terje Gjerdet		2020/11622

DS 18/2021	Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2026 - snødekt mark - hytte Søre Storteppeingje - Oddbjørg og Arve Marstein	2020/12900
DS 19/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport til hytte gbnr 88/14 - Lars Gunnar Sæther	2021/1108
DS 20/2021	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport av båt til Flatvatnet - Roald Mork	2021/44
DS 21/2021	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - Billingen - Storvatnet - Hans Sæther	2020/13187
DS 22/2021	Delegert sak - dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark - transport av båt - Langvatnet - Jan Terje Tråstad - Skjåk Utmarkservice	2021/1592
DS 23/2021	Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - helikopter - drift av mobilstasjon på Skarfjellenden - Telia Norge AS - OneCo Telecom AS	2021/209
DS 24/2021	Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - frakt av utedo - Skarvedalshytta - Skjåk Almenning	2020/13766
DS 25/2021	Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark - 2021 - 2025 - transport og tilsyn med almenningshyttene - utsetting av settefisk - Skjåk Almenning	2020/11626
DS 26/2021	Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021-2026- helikopterlanding - transport av drivstoff og telekomutstyr til basestasjon for nødnett på Horrungen (ROL089), Skarvedalseggen (ROL100) og Skarfjellenden (RMR057)	2021/458
DS 27/2021	Reinheimen NP - motorferdsel 2021 - 2025 - snødekt mark - snømålinger - Glommens og Laagens Brukseierforening	2020/12278
DS 28/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - snødekt mark - transport til naust ved Torsvatnet og Leirungsvatnet - Skjåk jeger og fiskarlag v/ Einar Banken	2021/1495
ST 9/2021	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2020	2021/2465
ST 10/2021	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2021	2020/12175
ST 11/2021	Retningslinjer for bruk av nasjonalparklogo i Reinheimen nasjonalpark	2021/2793
ST 12/2021	Klage på vedtak - avslag på søknad om oppsetting av flaggstang - Sterringen sæter gbnr 159/1/84 - Mona og Arild Fallinggen	2020/12486

ST 13/2021	Klage på vedtak - dispensasjon til oppsetting av vindmølle - Sterringen sæter i Finndalen landskapsvernområde		2020/12486
ST 14/2021	Dispensasjon - Romsdalen lvo - dispensasjon- Tunga - motorferdsel - barmark - Pål Henrik Seyffarth		2021/558
ST 15/2021	Klage på delegert vedtak - avslag på bruk av UTV med belter for persontransport til hytte i Vermedalen, i Romsdalen landskapsvernområde	X	2020/13707
ST 16/2021	Ottadalen landskapsvernområde - etablering og merking av turstig - Turstiglaget Lom Nasjonalparklandsby		2021/1561
ST 17/2021	Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - 2024 - bruk av drone og helikopter for telling av villrein i Reinheimen NP - Reinheimen-Breheimen villreinutval v/Knut Granum		2021/446
ST 18/2021	Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - utplassering av Fjellgeitposter - Tverråhytta - Fjellgeita i Skjåk v/ Olav Øiberg		2021/450
ST 19/2021	Dispensasjon - Reinheimen NP - rehabilitering av seterhus gbnr 83/5 - Kabben - Pål Vadet - Marianne Motterud		2021/1653
ST 20/2021	Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - tilbygg til uthus og omdisponering av utedo - Brøstdalen ved Kabben gbnr 18/3/1 - Vidar Brude		2021/1071
ST 21/2021	Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - oppføring av utedo ved bu Nordre Grønvatnet - Lesja fjellstyre		2021/2551
ST 22/2021	Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - 2021 - 2024 - utsetting av fisk - Skjåk Almenning		2021/1242
ST 23/2021	Orienteringar		

ST 6/2021 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 7/2021 Referatsaker

SV: planstrategi Lesja

Opprettholder vedtak - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - UK Royal Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11)

Områdereguleringsplan Bjorli-fastsetting av planprogram

Beslutning om ekstraordinær skadefelling av jerv i deler av Reinheimen NP

Oversendelse evalueringsrapport - forvaltningsordningen NP og LVO

Melding om vedtak - Reinheimen NP - jaktprøve - Hedmark og Oppland Fuglehundklubb

ST 8/2021 Delegerte saker

DS 9/2021 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2025 - snødekt mark - barmark - motorbåt - Kabben - Tunga - Jan Steinar Grøtta 2021/614

DS 10/2021 Søknad - Romsdalen LVO - snødekt mark - oppkjøring av skiløype - Brøstdalen - Øverdalen idrettslag 2021/515

DS 11/2021 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark - 2020 -2025 - Grytten fjellstyre 2020/13174

DS 12/2021 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2025 - helikopter - Brøstet - Pyttbua - Veltdalen - Danskehytte og Grotli - DNTSunnmøre 2020/13230

DS 13/2021 Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - oppkjøring av skiløype - Brøstdalen - Øverdalen idrettslag v/ Lars Fransplass 2021/515

DS 14/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - Torsvatnet - Odd Jostein Bøhle 2021/855

DS 15/2021 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport av ved og utstyr til hytte ved Lortjønn - Lodvar Brekkum 2021/533

DS 16/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport i forbindelse med restaurering av fiskenaust - Leif Skiaker 2021/1084

DS 17/2021 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - snødekt mark - 2020 - transport av båt - Vetledalen - Terje Gjerdet 2020/11622

DS 18/2021 Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2026 - snødekt mark - hytte Søre Storteppingje - Oddbjørg og Arve Marstein 2020/12900

DS 19/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport til hytte gbnr 88/14 - Lars Gunnar Sæther 2021/1108

DS 20/2021 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport av båt til Flatvatnet - Roald Mork 2021/44

DS 21/2021 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - Billingen - Storvatnet - Hans Sæther 2020/13187

DS 22/2021 Delegert sak - dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark - transport av båt - Langvatnet - Jan Terje Tråstad - Skjåk Utmarkservice 2021/1592

DS 23/2021 Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - helikopter - drift av mobilstasjon på Skarfjellenden - Telia Norge AS - OneCo Telecom AS 2021/209

DS 24/2021 Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - frakt av utedo - Skarvedalshytta - Skjåk Almenning 2020/13766

DS 25/2021 Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark - 2021 - 2025 - transport og tilsyn med almenningshyttene - utsetting av settefisk - Skjåk Almenning 2020/11626

DS 26/2021 Reinheimen NP - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021-2026- helikopterlanding - transport av drivstoff og telekomutstyr til basestasjon for nødnett på Horrungen (ROL089), Skarvedalseggen (ROL100) og Skarfjellenden (RMR057) 2021/458

DS 27/2021 Reinheimen NP - motorferdsel 2021 - 2025 - snødekt mark - snømålinger - Glommens og Laagens Brukseierforening 2020/12278

DS 28/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - snødekt mark - transport til naust ved Torsvatnet og Leirungsvatnet - Skjåk jeger og fiskarlag v/ Einar Banken 2021/1495



Arkivsaksnummer:	2021/2465-1	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	23.02.2021
------------------	-------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	9/2021	12.03.2021

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2020

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek årsrapport for 2020 til orientering, og ber om at rapporten blir publisert på Nasjonalparkstyret sine kommunikasjonsplattformer.

Årsrapporten 2020 skal også sendast til rådgjevande utval, administrativt kontaktutval og statsforvaltaren i Innlandet, og Møre og Romsdal og Miljødirektoratet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Årsrapport 2020 – Nasjonalparkstyret for Reinheimen, (ettersendt på e-post)
- Årsrapport - 2020, SNO – tilsyn dokumentasjon av kulturminner i Innlandet

Saksopplysningar

Sekretariatet har som tidlegare år utarbeidd årsrapporten til styret. SNO har levert årsrapport for 2020 om tilsyn og dokumentasjon av kulturminne i Innlandet.

Vurdering

Årsrapporten for 2020 byggjer på same mal som for tidlegare år, men er minimert etter innspel frå styret. Årsrapportane ligg tilgjengeleg på Nasjonalparkstyret sine nettsider, her:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Dokumentarkiv/Arsmelding-og-rapportar/>

Rapporten gir ei framstilling av Nasjonalparkstyret sitt arbeid, saksomfang, tiltak/prosjekt og økonomi som er knytt til forvaltninga av verneområdet. Rapporten omhandlar og litt om den generelle bruken av områda, naturfaglege forhold, og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.

Det er naturleg at rapporten vert publisert på nasjonalparkstyret si nettside, og sendt ut til aktørar/interessentar knytt til forvaltninga i Reinheimen, som t.d medlemmar rådgjevande utval, administrativt fagutval.



Arkivsaksnummer:	2020/12175-7	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	12.02.2021
------------------	--------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	10/2021	12.03.2021

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2021

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvde driftsmidler for 2021 (post 21):

Drift av Nasjonalparkstyret for Reinheimen **kr. 360 000,-**

Nasjonalparkstyret merker seg at midler til utgreiing av sikringstiltak i vassdraga Råkå og Finna elv i Finndalen landskapsvernområde, ikkje nådde fram.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen prioriterer tiltaksmidlar for 2021 slik (post 31):

	Tiltak	Beløp	Kommentar
1	Skjøtselstiltak Rydding, slått, beite	150 000	Avtaler med private og lokale aktørar basert på skjøtselsplaner for Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Tafjorden-Reindalen lvo.
2	Informasjonspunkt kring Reinheimen	300 000	Skidte ut skilt- og informasjonssystem på prioriterte informasjonspunkt, inkludert grunnarbeid og grafisk arbeid.
3	Billingen – hovudinnfallsport Reinheimen	100 000	Hovedinnfallsport. Vidareføre og fullføre tiltak i trå med landskapsplan og besøksstrategi
4	Tindesenteret – Trollstigen, Hovedinnfallsport	250 000	Hovedinnfallsport Finansiere mulighetsstudie og landskapsanalyse. Etablere samarbeid med lokale aktørar og reiselivet i området.
7	Besøksteller	0	Montere tildelte tellere i samarbeid med SNO
	Pott	800 000	

Sekretariatet kan vurdere å søkje om supplerande tildeling til innmeldte tiltak, dersom det er nødvendig for tiltak som skal gjennomførast i 2020.

Dersom det står att tiltaksmidlar kan sekretariatet i samråd med styreleiar også omdisponere midler til tiltak innafor verneområdet med finansieringsbehov.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO – 2020, Miljødirektoratet 03.11.2020
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025.
- Styresak 51/2020, behandla 23.11.20 i Nasjonalparkstyret for Reinheimen
- Søknad om tiltaksmidler 2021 - elektronisk søknadssenter (ESS) (vedlegg 1)
- Tildeling av midlar for 2021, behandling i ESS (vedlegg 2)
- Tildelte driftsmidler til nasjonalparkstyret for Reinheimen 2021 (vedlegg 3)

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Pkt. 8.2 i vedtektene legg opp til at Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av tildelte midler:

«Nasjonalparkstyret skal utarbeide årlege prioriteringar av skjøtsels- og forvaltningstiltak i verneområda i tråd med den fleirårige tiltaksplanen.

Styret skal etablere eit nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt. Styret vert tildelt midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i høve til vedtatte forvaltingsplaner/skjøtselsplanar etter søknad til Miljødirektoratet. Tildelingane skjer ut i frå dei budsjettmessige rammene det einskilde året. Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av dei tildelte midlane. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjend forvaltings-/tiltaksplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.»

Vurdering

Drift og øymerka midlar (post 21)

Styret:

Tildeling til drift av nasjonalparkstyret er omtrent som det innsendte budsjettforslaget frå sekretariatet. Driftsbudsjettet skal dekke styremøter, opplæringsdagar / konferansar, som t.d.

nasjonalparkkonferansen, og prosessar knytt til møte med rådgjevande utval, administrativt fagutval og andre aktørar i verneområdet. Som tidlegare er det dekning til styremøte med overnatting, kombinert med synfaring i verneområdet.

Sekretariatet:

Midlar til drift av sekretariatet er dekt av statsforvaltaren i Innlandet. Forvaltarane melder inn budsjettbehov for tildeling i eiga budsjettpost. Innlandet har i tillegg meirkostander knytt til arkiv- og saksbehandlingssystem og økonomiforvaltning på vegne av nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Statsforvaltaren i Innlandet brukar også ressursar på eigne samlingar for nasjonalparkforvaltarane, der også forvaltarar tilsett i Vestland og Trøndelag deltar da dei representerar verneområde med areal og i Innlandet.

Tiltaksmidler i verneområdet (post 31)

I styremøte 23.11.20 vedtok nasjonalparkstyret å søke om midler til tiltak på tilsaman **kr. 1 458 006,-** til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet har vurdert søknaden og tildelt **kr. 800 000** til Reinheimen (sjå vedlagte tildeling).

Miljødirektoratet har i si tildeling kommentert at tiltaket til *vassdragsfagleg utgreiing av flaumfare i Finna og Råkåen* vart vurdert under post 21, men nådde ikkje opp. Elles er det ingen andre kommentarar, men opp til styret og fordele tildelte midler.

Med bakgrunn i tildeling av tiltaksmidler i 2021, og samla budsjettsituasjon, er det gjort ei stutt vurdering av tiltaka i tabellen under:

	Tiltak	Søknad	Tildelt	Kommentar
1	Skjøtselstiltak Rydding, slått, beite	200 000	150 000	Nofence på 16 geit i Finndalen, Slått Bjørknesetra , rydding Skridu i Lordalen. Slått Selen, Gravdehaug, Hole seter i Brøstdalen. Forbruk noko usikkert, derfor redusert med 50 000
2	Informasjonspunkt kring Reinheimen	300 000 8 000 (Infopkt. Avdemsbue)	300 000	Viktig med ein pott til fordeling etterkvart. Prioriterte informasjonspunkt jf. besøksstrategi krev også avklaringar lokalt før gjennomføring. Skal dekke grunnarbeid og grafisk arbeid. Produksjon av info.plakat i Lesja sentrum og Avdemsbue inngår her.
3	Billingen – hovudinnfallsport Reinheimen	150 000	100 000	Hovedinnfallsport. Vidareføre og fullføre tiltak i trå med landskapsplan. Viktig å få fullført informasjonspunkt og området ved seterpensjonatet. Redusert med 50 000, da det krev prosjektering om det er nødvendig med ytterlegare investeringstiltak
4	Tindesenteret – Trollstigen, Hovedinnfallsport	500 000	250 000	Hovedinnfallsport. 2021 er prosjekteringsfase for finansiering av mulighetsstudie, landskapsanalyse og forprosjekt. Tenestekjøp av landskapsarkitekt og anna ekstern kompetanse. Innhenta tilbod frå aktuelle leverandørar, terskelverdi under 100 000,-, derfor redusert med 250 000. Det skal og etablerast samarbeid med lokale aktørar og reiselivet i området.
5	Besøksteller		0	Montere tildelte tellere i samarbeid med SNO
6	Vassdragsfagleg utgreiing – faumfare Finna og Råkå	300 000	0	Vurdert under post 21, men nådde ikkje opp.
	Pott	1 458 000	800 000	- 658 000



Arkivsaknummer:	2021/2793-1	Saksbehandlar:	Mari Melbø Rødstøl	Dato:	03.03.2021
-----------------	-------------	----------------	--------------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	11/2021	12.03.2021

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Retningslinjer for kommersiell bruk av merkevaren Reinheimen nasjonalpark

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret vedtek å innføre ordninga med tilhøyrlogo for Reinheimen nasjonalpark til kommersiell bruk. All bruk skal skje i samsvar med retningslinjer for merkevaren *Norges nasjonalparker*. Nasjonalparkstyret vedtek følgjende tilleggskriteria for tildeling av merket for Reinheimen nasjonalpark:

- Tildeling av tilhøyrlogo blir gjort av nasjonalparkstyret, etter skriftleg søknad.
- Tildelinga gjeld for inntil tre år om gongen, og kan enkelt forlengast dersom bedrifta framleis har aktivitet som fyller alle sentrale og lokale vilkår.
- Merket kan berre tildelast aktørar med forretningsadresse i ein av kommunane med areal i nasjonalparken.
- Aktørar som får tildelt merket pliktar å halde seg orientert om relevante spørsmål som gjeld nasjonalparken, og delta på orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi eller på vegne av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.
- Produkt/tenesta skal vere miljøvennleg og skal kjenneteiknast av kvalitet, gode råvarar og godt handverk.
- Merket kan omfatte produkt som opplevingar, aktivitetar, overnatting og servering, forbruksvarer som mat og drikke, eller lokalt produserte produkt som kan knytast til verneområdet.
- Produkt som blir teken ut av nasjonalparken:
 - logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad.
 - Logo på produkt av steiner, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillete.
- Retningslinjer for tildeling av merket gjeld i første omgang til 31.12.2023. Ordninga med tilhøyrande rutinar og retningslinjer skal evaluerast før eventuell vidareføring.
- Dersom ein ser behov for justeringar også før denne datoen, kan retningslinjene reviderast dersom uklare punkt skulle dukke opp når ein startar å bruke ordninga.

Styret legg elles vedlagte nasjonale retningslinjer til grunn for søknad og tildeling.

Nasjonalparkstyret har delegert myndigheit til mellombels godkjenning av nasjonalparkprodukt til forvaltar. Styret vil bli orientert om delegert vedtak fortløpande.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Designmanual Norges nasjonalparker
- Besøksstrategi for Reinheimen nasjonalpark

Saksopplysningar

Miljødirektoratet sin *Designmanual for Norges nasjonalparker* opnar for kommersiell bruk av nasjonalparklogoen i visse samanhengar:

«Det er lagt til rette for at virksomheter med geografisk tilhørighet til en nasjonalpark (og i enkelte tilfeller andre verneområder) kan søke om tillatelse til å benytte et spesiallaget merke for denne

merkevaren sammen med logo for egen virksomhet i markedsføringen av et produkt, tjeneste eller aktivitet. Det er laget egne merker for formålet (kommersielt merke) og det er nasjonalparkstyret (eller annen forvaltningsmyndighet) for den aktuelle nasjonalparken eller verneområdet som behandler søknaden og gir tillatelser. Styret eller forvaltningsmyndighet skal ha godkjent besøksstrategi for området.»

Designmanualen definerer rammene for korleis merket skal kunne brukast:

Hvem kan bruke det kommersielle merket?

En kommersiell, frivillig eller annen type virksomhet som foregår i, eller ved en nasjonalpark. Hvis produktet som tilbys kommer fra en nasjonalpark, eller det arrangeres en aktivitet i eller ved en nasjonalpark, så er det mulig å søke om tillatelse til å bruke varemerket.

Hva står merket for?

Det kommersielle merket er utviklet for å gi en mulighet til å markedsføre en bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til Norges nasjonalparker, og sier noe om geografisk tilhørighet til en nasjonalpark eller et verneområde. Merket er ikke et kvalitetsstempel, og representerer ikke en godkjenning, noen form for finansiering eller annen støtte fra nasjonalparken eller forvaltningsmyndigheten. I seg selv ligger det en kvalitet i å ligge i nærheten av en nasjonalpark eller verneområde, det er dette vi ønsker at de lokale bedriftene skal kunne nyte godt av.

Hvordan kan merket brukes?

Du kan eksempelvis bruke merket som klistremerker i butikkvinduer, i program eller brosjyrer, på nettstedet, i e-post og på plakater. Det er ikke tillatt å bruke det kommersielle merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks. på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkprodukt eller -tjeneste, og at det ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.

Hva er kriteriene for bruk?

- Det kommersielle merket må ikke brukes på en måte som kan skade Norges nasjonalparkeres omdømme, eller på en måte som strider mot nasjonalparkens- eller verneområdets retningslinjer eller formål.
- Det er ikke tillatt å bruke merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks. på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.
- Merket skal ikke endres i form, beskæres eller tillegges design eller egen tekst. Det er retningslinjer som beskriver riktig bruk.
- Merket kan ikke selges videre eller distribueres til tredjepart.
- Ved misbruk av det kommersielle merket kan tillatelsen til bruk trekkes tilbake.

Hvorfor må det foreligge en signert avtale?

- Logo for Norges nasjonalparker er en verdifull ressurs, og et beskyttet varemerke, dette gjelder også det kommersielle merket.
- Det er viktig å håndheve riktig bruk til fordel for alle som ønsker å knytte sin virksomhet til Norges nasjonalparker, og misbruk kan ødelegge verdien for alle som benytter merket. Vi ber derfor om at det signeres en forpliktende avtale.
- Gjennom avtalen anerkjenner du kriteriene for bruk og binder deg til å bruke merket respektfullt, hensiktsmessig og etter retningslinjene.
- Bare de som har søkt om og fått tillatelse til å bruke merket, kan gjøre det.

Designmanualen illustrerer dei ulike typene merke det kan søkjast om:

Kategori opprinnelse Kommer fra/ Origins from	KOMMER FRA: ORIGINS FROM:	 Jostedalsbreen nasjonalpark
Kategori aktivitet Skjer i/Happening in	SKJER I: HAPPENING IN:	 Jostedalsbreen nasjonalpark
Kategori lokalisering Ved/Located in	VED: BY THE:	 Jostedalsbreen nasjonalpark

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Vurdering

Det kommersielle merket er utvikla for at lokale aktørar kan få høve til å marknadsføre bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til ein eller fleire av Norges nasjonalparker, og det er krav om at verksemda skal ha geografisk tilknytning til ein nasjonalpark eller eit verneområde.

Spørsmålet geografisk tilknytning kan ha ulike tolkingar, men eit tydeleg definert krav kan vera at søkjaren er etablert med forretningsadresse i ein av kommunane med areal innan nasjonalparken. For aktivitetsbedrifter treng det ikkje vera krav at aktiviteten er lagt innanfor verneområda, da det ofte kan vera ein fordel at enkelte aktivitetar heller skjer i randsonen.

Reinheimen nasjonalpark kan som følgje av godkjent besøksstrategi innføre ordninga med kommersielle logoar for lokale aktørar. Det er nasjonalparkstyret som forvaltar ordninga og som bestemmer om denne skal innførast. Eit grunnleggjande vilkår er at dei sentrale retningslinene gitt i merkevaren *Norges nasjonalparker* skal følgjast ved tildeling.

Det er opp til forvaltningsmyndigheita for det enkelte verneområde å utarbeide lokale retningslinjer for forvaltning av merket. Det er viktig å sikre at produkt og tenester som marknadsfører seg med merket har ønskt kvalitet og ikkje forringar verdien av merkevaren. Tildeling av merket bør derfor vera tidsavgrensa, slik at nasjonalparkstyret kan ta ny vurdering på om aktøren/produkta til kvar tid innfrir dei gjeldande krava til merket. Det blir vist til at dei sentrale retningslinene har ei kopling mot Innovasjon Norge sine 10 prinsipp om bærekraftig reiseliv, og desse gjev ei god tolking av kva krav det er naturleg å stille ved vurdering av dei enkelte søknadene.

For meir informasjon om ordninga, sjå designmanualen for Norges nasjonalparker her:
<https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>

Vedlegg: - Retningslinjer
 - Miljødirektoratets standard søknadsskjema

Retningslinjer for kommersiell bruk av tilhørlogo for Reinheimen nasjonalpark, fastsett av Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Kven kan søkje?

Bedrifter med forretningsadresse i ein av kommunane med areal innan nasjonalparken.

Kva kan det søkjast om?

I utgangspunktet kan alle produkt som innfrir kriteria som er sett av styret kunne omfattast av ordninga. Produkta omfattar tenester som aktivitetar, overnatting og servering, eller mat, drikke og andre varer med tilknytning til verneområda. I rettleiinga er alt omtala som produkt. Ta kontakt med nasjonalparksekretariatet dersom du er usikker på om produktet er aktuelt.

Tildelingskriteria

Nasjonalparkstyret har sett følgjande kriteria for godkjente produkt for Jotunheimen nasjonalpark:

- All bruk av merket skal skje i samsvar med sentrale retningslinjer for merkevaren *Norges nasjonalparker*. Produktet skal ha opphav eller tilknytning til lokalt næringsliv
- Produkt kan vera opplevingar, tenester, forbruksvarer (mat/drikke) og lokalt produserte varer/produkt.
- Den som skal autoriserast til å bruke merket skal så langt som råd følgje Innovasjon Norges 10 prinsipp om bærekraftig reiseliv: <https://business.visitnorway.com/no/barekraftig-reiseliv/10-prinsipper-for-et-barekraftig-reiseliv/>

Kven godkjenner søknaden?

Nasjonalparkstyret for Reinheimen godkjenner søknader om logo. Styret kan delegere myndigheit til godkjenning av nasjonalparkprodukt til Arbeidsutvalet eller til forvaltar der det gjennom søknadsbehandling i styret er etablert praksis for type bedrifter/produkt som fyller krava.

Kva betyr godkjenning av produkt?

Eit godkjent produkt kan nytte tilhørlogo til Reinheimen nasjonalpark saman med eigen logo, i tråd med vedtekne retningslinjer for Norges Nasjonalparker og lokale vilkår fastsett av nasjonalparkstyret.

Godkjenning gjeld for ei avgrensa periode på inntil 3 år. Det kan søkast om forlenging.

Nasjonalparkstyret kan trekkje tilbake ei godkjenning dersom produktet ikke lengre innfrir kriteria, eller dersom godkjenninga blir misbrukt og ikkje følgjer reglane for bruk.

Spesielle omsyn

Ta kontakt dersom ein ønskjer å nytte råvarer fra nasjonalparken til produkt.

T.d. beitebruk i tråd med gjeldande rettar og avtaler er lov, men det er ikkje tillate å hente lausmasser som sand og stein eller bergartar/mineralar fra verneområdet.

Utforming av søknad

Søknad skal setjast fram på fastsett skjema, som kan lastast ned frå designmanualen.



Du må oppfylle ett av følgende kriterier for å være kvalifisert til å søke;

Jeg er en bedrift, organisasjon, gruppe eller person som:

- ☐ ligger i eller ved en nasjonalpark eller verneområde
- ☐ tilbyr en tjeneste som skjer i en nasjonalpark eller verneområde
- ☐ tilbyr et produkt som kommer fra en nasjonalpark eller verneområde
- ☐ arrangerer en tidsbegrenset aktivitet i eller ved en nasjonalpark eller verneområde

Kryss ut riktig boks og fyll deretter ut og returner skjemaet. Husk signatur!

Om virksomheten

Navn på bedrift, organisasjon, gruppe eller person	
Virksomhetskategori (Sett en sirkel rundt ditt valg)	Person Bedrift Organisasjon Annet
Organisasjonsnummer	
Filial (hvis relevant)	
Virksomhetsadresse	
Type virksomhet	
Nettside	

Om søkeren (deg)

Navn på søker	
Tittel eller rolle	

Postadresse (hvis forskjellig fra virksomhetsadresse)	
Telefonnummer	
E-postadresse	

Hvilke(t) merke søker du om å bruke?:

Kommer fra

☐

Skjer i

☐

Ved

☐

Språk:

bokmål

☐

nynorsk

☐

engelsk

☐

nordsamisk

☐

sørsamisk

☐

annet
(spesifiser)

☐

Vennligst beskriv i tekst hvordan du har tenkt å bruke merket(e):

Ved å fullføre søknaden, og inngå avtale for å bruke en eller flere av de kommersielle merkene, forstår jeg og forplikter jeg meg til å overholde følgende vilkår:

Om det kommersielle merket

- det representerer kun en geografisk tilhørighet til en nasjonalpark/verneområde
- det er ikke et kvalitetsstempel
- det representerer ikke en godkjenning eller innebærer finansiering eller annen støtte fra forvaltningsmyndigheten

Hvem kan bruke logoene?

- En virksomhet eller organisasjon som opererer eller ligger i eller ved en nasjonalpark eller verneområde, tilbyr en tjeneste som skjer i nasjonalparken/verneområdet eller et produkt som kommer fra nasjonalparken/verneområdet.
- En virksomhet, organisasjon, gruppe eller individ som arrangerer en tidsbegrenset aktivitet i eller ved en nasjonalpark/verneområde.
- Merket er varemerkebeskyttet og har rettsvern.
- Det kommersielle merket må ikke brukes på en måte som kan skade merkevaren Norges nasjonalparkeres omdømme, eller på en måte som strider mot retningslinjer eller formål.
- Den som autoriseres til å bruke merket skal så langt som mulig etterleve Innovasjon Norges 10 prinsipper om bærekraftig reiseliv: <https://business.visitnorway.com/no/barekraftig-reiseliv/10-prinsipper-for-et-barekraftig-reiseliv/>
- Det er ikke tillatt å bruke det kommersielle merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkprodukt eller -tjeneste, og at det ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.
- Merket skal ikke endres i form, beskjæres eller tillegges design eller egen tekst. Retningslinjer for å sikre riktig anvendelse blir gitt.
- Det kommersielle merket kan ikke selges videre eller distribueres til tredjepart.
- Ved misbruk av merket kan tillatelsen til bruk trekkes tilbake.

Søknaden signeres i to eksemplarer til hver av partene.

Virksomhetens navn:

.....

Navn med blokkbokstaver:

.....

Signatur:

Sted, dato:

Navn på styre/forvaltningsmyndighet:

.....

Signatur

Sted, dato



Arkivsaksnummer:	2020/12486-9	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	05.02.2021
------------------	--------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	12/2021	12.03.2021

Klage på vedtak - avslag på søknad om oppsetting av flaggstang - Sterringen sæter gbnr 159/1/84 - Mona og Arild Fallingen

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret har vurdert oversitting av klagefristen. Oversitting av fristen er berre 6 dagar, og klagar informerte forvaltar før klagefristen var ute, om at dei ville sende ei skriftleg klage. Nasjonalparkstyret finn det rimeleg at klaga blir teke opp til behandling, jf. forvaltningslova § 31, b).

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har vurdert klaga, men finn ingen nye opplysningar i klaga, eller tungtvegande interessar i saka, som gir grunnlag for å endre på pkt.2 i vedtaket 23.11.20, sak 46/2020. Klaga frå Mona og Arild Fallingen blir ikkje teke til følgje.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Mona og Fallingen, epost 10.09.20
- Dispensasjon til oppsetting av vindmølle og flaggstang - vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 23.11.2020, sak 46/2020
- Klage på vedtak, frå Mona og Arild Fallingen datert 23.12.20

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Delegering

Klaga er vurdert i medhald av:

- Forskrift for Finndalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2006
- Forvaltningslova

Klagefrist og klagerett

Avgjersla i saka rettar seg mot søkjarar Mona og Arild Fallingen som har rettsleg klageinteresse og klagerett jf. fvl. § 2 første ledd, bokstav e).

Klaga frå Mona og Arild Fallingen er mottatt på e-post 23.12.2020. Vedtaket i Nasjonalparkstyret for Reinheimen ble ekspedert på e-post til søkjar 26.11.20, og klaga er

sendt forvaltningsorganet, Nasjonalparkstyret for Reinheimen, 23.12.20, 6 dagar etter klagefristen på 3 veker, jf. fvl. § 29.

Klaga skal i utgangspunktet kunne avvisast dersom den er sendt etter klagefristen på tre veker. Sjølv om klagaren har oversitte fristen, kan ein etter vurdering, ta klaga under behandling, jf. forvaltningslova § 31:

«§ 31.(oversitting av klagefristen).

Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt

- a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller
- b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Klagen kan ikke tas under behandling som klagesak dersom det er gått mer enn ett år siden vedtaket ble truffet.»

Forvaltar var i kontakt med søkjar på telefon i desember, før klagefristen var ute. Klagar varsla da munnleg om at han ville sende ei skriftleg klage på avslag oppsetting av flaggstang.

Forvaltningsmyndigheita skal vurdere om klaga frå Mona og Arild Fallingen gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak). Nasjonalparkstyret for Reinheimen som har gjort vedtak i saka, skal *“foreta de undersøkelser klagen gir grunnlag for”*, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Dette kan til dømes vera at det er nødvendig å undersøke dei opplysningane som kjem fram i klaga, at det er nødvendig med synfaring osv.

Klage på vedtak i sak 46/2020, frå Mona og Arild Fallingen:

Mona og Arild Fallingen klager på avslag om oppsett av flaggstang på Sterringen seter, f.nr. 84, i Finndalen landskapsvernområde, i punkt 2. i vedtak i sak 46/2020.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknaden 23.11.20, og gjorde slik samrøystes vedtak:

«Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) får Mona og Arild Fallingen, følgjande:

- 2. *avslag på oppsetting av flaggstang, da det ikkje er i trå med tradisjonell byggeskikk i seterområdet, vil vera eit framandelement i setermiljøet utan nytteverdi, og skape uheldig presedens.»*

Saksutgreiing: <https://www.miljovedtak.no/VedtakS%C3%B8k/VisSak?SakId=43832>

Vurdering

Forvaltar registrerar at klaga på e-post er sendt 6 dagar etter klagefristen på 3 veker. Det er likevel rimeleg at klaga blir prøvd, sidan klagar varsla forvaltar på telefon, før klagefristen var ute, om at dei ville sende skriftleg klage på avslaget. Dersom behandling av klagen fører til endring av vedtaket, så vil heller ikkje det føre til ulempe eller skade for andre. Klaga kan med heimel i forvaltningslova § 31, takast opp til behandling:

Mona og Arild Fallingen skriv følgjande i klaga:

«Grunnlaget for klagen er i hovudsak at det allerede er 2 flaggstenger på Sterringen, som har vert der så lenge vi har vert i Finndalen.

Ellers er det også flaggstang ved teigplasshytta rett vest for Sterringen.

Vi håper dere kan se på saken på nytt, da vi er uenige i deres argumenter for å ikke la oss sette opp flaggstang.»

Behov for synfaring er vurdert, men nytteverdien av det er liten, da det føreligg tilstrekkeleg informasjon for å kunne behandle saka.

Når det gjeld ny flaggstang på setra så er forvaltningsplan sine retningslinjer om tradisjonell byggjeskikk i området, lagt til grunn. Det er ikkje tradisjonar for å sette opp frittståande flaggstang på setre i Finndalen. Det kan riktignok vera motert flagg/vimpel på nokre seterhus på Sterringen, og ei hytte innafor Sterringen bru. Men dersom dette er frittståande flaggstang, så er dei sett opp før oppretting av verneområdet, og ikkje behandla etter verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde.

Dersom ein gir løyve til flaggstang i dette tilfelle vil det kunne skape unødig presedens, da både hytter, setre i drift og setre som brukast til fritidsføremål vil kunne søke om det samme. Det er ikkje ønskeleg å auke utbreiinga av flaggstenger, da det kan bidra til meir hyttepreg i seterlandskapet. Ei frittståande flaggstang i fjellet har heller inga stor nytteverdi, og vil framstå som eit framandelement i landskapsvernområdet.

Ut i frå ei samla vurdering, er det ingen nye opplysningar i klaga, eller tungtvegande interessar, som gir grunnlag for å fråvike vedtaket og endre Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak, 23.11.20.



Arkivsaksnummer:	2020/12486-10	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	05.02.2021
------------------	---------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	13/2021	12.03.2021

Klage på vedtak - dispensasjon til oppsetting av vindmølle - Sterringen sæter i Finndalen landskapsvernområde

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel til følge.

Det er ingen nye moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på sitt vedtak i sak 46/2020, om å gje dispensasjon til å sette opp ei mindre vindmølle i tunet på Sterringen seter, fnr. 84, i Finndalen landskapsvernområde.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Mona og Fallingen, epost 10.09.20
- Dispensasjon til oppsetting av vindmølle og flaggstang - vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 23.11.2020, sak 46/2020
- Klage på vedtak, frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel v/leder Nelly Karidatter Einstulen, datert 20.12.20
- Merknad frå motpart, Mona og Arild Fallingen, e-post 24.02.21

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Klaga er vurdert i medhald av:

- Forskrift for Finndalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2006
- Forvaltningslova

Klagefrist og klagerett

Klaga frå Naturvernforbundet er datert 20.12.2020. Vedtaket i Nasjonalparkstyret ble ekspedert på e-post 26.11.20 til søkjar, med kopi til grunneigar, offentlege myndigheitar og interessentar 10.12.20.

Naturvernforbundet v/Nelly K. Einstulen skriv i klaga at dei først ble kjent med saka gjennom oppslag i avisa GD 06.12.2020. I e-post til forvaltar 08.12.20, bad Nelly Einstulen om å få kopi av saksdokument og vedtak. Klager fekk lenke til saksutgreiing og vedtak på e-post 09.12.20, og forvaltar informerte samtidig om klagefrist og kor klagen skulle sendast.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen mottok klaga frå naturvernforbundet 20.12.20, innan klagefristen på 3 veker, jf. fvl. § 29.

Det går fram av forvaltningslova § 28 første ledd at «*parter og andre som har rettslig klageinteresse i saken*» kan klage på enkeltvedtaket. Kven som er part, er nærare definert forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav e): *”person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder”*.

Det er vanskelegare å avgrense kven som har *“rettslig klageinteresse”* av et vedtak. Relevante moment i vurderinga vil være om det er ein aktuell interesse, tilknytning til saka, om det er eit konkurranseforhold, avhengigheitsforhold, naboforhold, arving eller kjøpar osv. etter kvart er det i langt større grad enn tidligare også aksept for at organisasjonar kan ha rettsleg klageinteresse. For dei som har rettsleg klageinteresse, og som ikkje har fått skriftleg underretning, løper fristen først frå det tidspunkt dei har fått eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel er lokallag under Naturvernforbundet som jobber med saker innan miljø- og naturvern, og særleg med naturvern, klima, energi og samferdsel, og vil etter denne definisjon ha «rettsleg klageinteresse» av vedtak etter verneforskrift og naturmangfaldlova.

Forvaltningsmyndigheita skal vurdere om klaga frå naturvernforbundet gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak). Nasjonalparkstyret for Reinheimen som har gjort vedtak i saka, skal *“foreta de undersøkelser klagen gir grunnlag for”*, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Dette kan til dømes vera at det er nødvendig å undersøke dei opplysningane som kjem fram i klaga, at det er nødvendig med synfaring osv. Nasjonalparkstyret skal vurdere om klaga gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak. Dersom nokon er *“motpart”* i saka skal vedkommande varslast om klaga og få høve til å uttale seg.

Klage på vedtak i sak 46/2020, frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel:

Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel klager på vedtak om dispensasjon til oppsett av vindmølle på Sterringen seter, f.nr. 84, i Finnndalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknaden 23.11.20, og gjorde slik samrøystes vedtak:

Med heimel i verneforskrift for Finnndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) får Mona og Arild Fallingen, følgjande:

1. *dispensasjon til oppføring av ei mindre vindmølle på Sterringen seter, fnr. 84, i Finnndalen landskapsvernområde.*

Dispensasjon til vindmølla er gjeve med følgjande vilkår:

- *Vindmølla skal ha ei mastehøgde på 4,5 meter.*
- *Plassering av vindmølla skal vera på baksida av seterbygningane, inn mot sørsida av setertunet.*
- *Vindmølla skal kunne påførast ei mørk grøn farge for å vera til minst mogleg synleg.*
- *Vindmølla skal erstatte eit fosilt drive aggregat på setra.*
- *Nasjonalparkstyret kan krevja at vindmølla blir fjerna dersom det ikkje lenger er driftsmessige behov for vindmølla.*

Saksutgreiing: <https://www.miljovedtak.no/VedtakS%C3%B8k/VisSak?SakId=43832>

Vurdering

Naturvernforbundet skriv følgjande i klaga:

«Vi har følgende kommentarer til Nasjonalparkstyrets vurdering av saken:

Er tiltaket nødvendig for landbruksvirksomhet? Slik vi forstår søknaden og saksbehandlingen, er ikke vindturbinen er nødvendig for seterdriften med husdyrhold i seg sjøl, men ønskes oppsatt for å ha strøm fra annen kilde enn olje-aggregator til lys,

varmtvann, kjøleskap, vaskemaskin og lignende fasiliteter i forbindelse med opphold på og turistbesøk til setra, - slik det blir opplyst om i søknaden fra tiltakshaver.

Vi kan ikke se av søknad eller saksbehandling at det har vært vurdert alternativ til vindkraft på setra, som til eksempel solcellepanel.

Det er trolig ikke behov for strøm om vinteren, søker skal vel ikke drive med vinterturisme. Likevel argumenteres det med at vindmølle er nødvendig fordi det trengs ekstra lading av batteribanken i vintermørket. En moderne batteribank som er riktig dimensjonert med friske batterier klarer seg gjennom vinteren uten ekstra lading, bare den er fulladet når vinteren setter inn. I et landskapsvernområde bør det derfor være nok med et riktig dimensjonert, moderne solcellepanel.

Vi har også noen spørsmål til den tenkte driften av en slik vindturbin i Finndalen. Hvordan vil dette bli ivare tatt? Skal vindturbinen være i drift vinterstid? Hvordan vil setereierne i så fall sørge for vedlikehold og service vinterstid? Det er lange avstander fra kjørbare veg inn til seterområdet (om lag 1 mil), og det er ikke tillatt å kjøre snøscooter inn til setrene i Finndalen.

Fjellturisme kan ikke sies å være likestilt med landbruksnæring og setring, og dispensasjon for vindturbin for å dekke et behov for stabil strøm til slik virksomhet (besøk på setra og utleie av seterhus) mener vi faller utenfor det nasjonalparkstyret skal støtte i form av dispensasjon fra verneforskriftene for landskapsvernområder som Finndalen.

Nasjonalparkstyret åpner med sitt dispensasjonsvedtak opp for at fjellturisme kan være en medvirkende, ja endog avgjørende begrunnelse til å gi tillatelse til vindkraft-anlegg tilknyttet seteranlegg i verna områder. Vi ser at stadig flere gamle setre går ut av drift og at mange av dem benyttes som hytter privat og for utleie. Noen setereiere som leier ut seteren/seterhus har også forsøkt å kombinere dette med andre tilbud rettet mot turister/besøkende. Det gjelder også for seteranlegg i Finndalen landskapsvernområde, og vi tror at det på sikt kan føre til at flere ønsker å sette opp vindturbiner for å sikre stabil strømforsyning til slike private og utleide «hytter», med eller uten komplementerende tilbud til besøkende/turister.

Presedens. Som nasjonalparkstyret skriver er det 4 seterstuler med hele 32 setre i Finndalen, og vi mener at det er stor sannsynlighet for at flere seterdrivere på sikt kan komme til å søke om en lignende dispensasjon (for vindkraft-anlegg). De fleste setrene ligger åpent til i landskapet og vindturbiner vil komme til å være visuelt skjemmende i det åpne dalføret, og vil bryte med det tradisjonelle seterlandskapets bygningsmasse og utseende. Faren for presedens i en fjelldal med så mange setre som Finndalen er for stor til at en dispensasjon kan aksepteres. Dispensasjonen er heller ikke i det omsøkte tilfellet nødvendig for å drifte seteren, men for å kunne tilby fasiliteter privat og for besøkende (turisme), noe vi mener ikke er tungtveiende argument for å avvike verneforskriftene.

Nasjonalparkstyret konkluderer med at «Fordelen med å erstatte dieselaggregat med vindmølle er vurdert som større enn ulempane for landskapsbilde og samla belastning av området».

Hvordan kan Nasjonalparkstyret konkludere slik når 1) dispensasjonen IKKE er nødvendig for landbruksdriften, noe som bør være en forutsetning for dispensasjon gitt vernebestemmelsene, 2) man ikke har vurdert alternativ til vindturbin (som til eksempel solcellepanel), og 3) man ikke har garanti mot at vedtaket vil gi flere vindturbiner i det verna området på sikt, men tvert om uthuler verneforskriften med en slik dispensasjon.

Finndalen er ikke bare en seterdal. Det er også et naturområde på grensa til nasjonalparken Reinheimen, med store naturverdier som den varige verna elva Finna, gammel verna furuskog, og bestand av ville arter som rein, kongeørn og jerv. Det er

derfor svært viktig å balansere seterdriften mot naturverdiene i Finndalen, slik at man kan ta vare på både kulturverdier og naturverdier for framtida.

Vi er sjokkert over at nettopp Nasjonalparkstyret for Reinheimen har gitt tillatelse til et tiltak som ensidig vektlegger hensynet til næringsinteresser, og som ikke tar inn over seg hvilke følger dette kan få for natur og landskap i landskapsvernområdet Finndalen.

Vi klager derfor på vedtaket om dispensasjon for etablering av vindkraft-anlegg, og ber om at vedtaket oppheves av klageinstansen.»

Nasjonalparkstyret for Reinheimen, skal "foreta de undersøkelser klagen gir grunnlag for", jf. forvaltningslova § 33. Mellom anna skal "motpart" i saka varslast om klaga, og få høve til å uttale seg. Motpart i denne saka er Mona og Arild Fallingen, rettighetshavar med seter- og beiterett på Sterringen setter fnr. 84, i Finndalen Ivo. I trå med forvaltningslova § 33, ble det sendt varsel om klaga frå Naturvernforbundet til motparten, med ein frist til å gje uttale til saka.

I e-post 24.02.21 har Mona og Arild Fallingen følgjande merknad til klaga:

«Først må vi bringe på det rene at det er montert et 3kw solcelleanlegg, som fungerer kjempebra og er riktig dimensjonert. Men som det står i søknaden er vindmølla tenkt til å vere med å lade batteribanken i mørke perioder. Dette er et moderne anlegg med 12stk.batterier på 200ah og 12stk.solcellepaneler på 250watt. Seterstulen Sterringen ligger på baksiden av dalen, noe som korter ned solsesongen.

Vi vil også gjerne bestemme selv når setra skal brukest. Og ja, den er i bruk på vinteren, og det blir det mere av. Når det gjelder vinter vedlikehold er ikke dette noe problem, vil påstå at vedlikeholdet tilfredsstilles ellers også på setra.

Det er i hovedsak med bakgrunn i det jordbruksmessige vi har behovet, men det må også vere rom for å drive seterturisme i en dal som Finndalen.

Med tanke på de uklarheter som vi ser er i saken, ønsker vi alle involverte parter velkomne på en befaring i saken. Vi tar gjerne en diskusjon om sikkerhet,solceller, kapasitet, lysforhold, batterier, innvertere, vindmøller,agregater og ellers alternative energi kilder.

Vi har også et solcelleanlegg på gården på 20kw nettbasert og et moderne biobrensel anlegg, så tør påstå at vi har litt innsikt i hva dette dreier seg om. Vi føler at vi slik sett tar vår del av produksjon av alternativ energi.»

Klaga stiller spørsmål om tiltaket er nødvendig for landbruksverksemd. Tiltakshavar har riktig nok slutta med mjølkeproduksjon og leverer ikkje lenger sommarmjolk produsert på setra, men dei er framleis aktive bønder, og brukar setra på Sterringen i samband med å ha dyr på beite, både storfe, geit og hest. Ei aktiv landbruks- og beitebruksnæring i Finndalen, er viktig for å kunne ivareta verneverdiane i området. Det bidreg til å ivareta setermiljø, kulturlandskap, naturbeitemark og biologisk mangfald. Setersturisme kan knytast til landbruks- og beitebruksnæring. I forvaltningsplan for Reinheimen er det teke høgde for at det vil vera behov for å utvikle setrene til turisme i Finndalen, der det står følgjande om potensialet for fjellturisme, s. 131:

Området har 32 setrar, som ved tilrettelegging kan gje ein viss overnattingskapasitet.

Overnatting kan kombinerast med aktivitetar. Området er likevel av ein slik kvalitet at ein kan få ein del gjestedøgn utan tilrettelagde aktivitetar. Enkelte setrar kan også drive meir besøksorientert ved at gjester frå andre verksemdar, også utafor området, kan kome for å oppleve setermiljøet på dags- og kveldsarrangement. Verksemdar utafor området kan også utnytte friluftsverdiane i Finndalen. Utleige av hus på åremål kan også vere eit alternativ. Det er og potensiale for utleige i samband med jakt på hjortevilt og småvilt.

Som aktive husdyrbrukarar er tiltakshavar store delar av året på setra i Finndalen, også utover seinhausten. Planane om å utvikle Sterringen seter som besøksseter for familiar, gjer at det er behov for å utnytte eksisterande energianlegg. Ved å nytte potensialet til eksisterande batteribank i seterfjøsset, knytt til solcelleanlegget, og erstatte eksisterande dieselaggregat med ei vindmølle, har forvaltningsmyndigheita vurdert det som positivt. Vind er ei fornybar

energikjelde, og med plassering bak setertunet vil den ikkje skade landskapsbilete i nemneverdig grad. Vilkår vil avbøte på ulemper, da nasjonalparkstyret kan krevja at vindmølla blir fjerna dersom det ikkje lenger er driftsmessige behov for vindmølla.

Vernereglane i Finndalen har teke høgde for at det er behov for oppføring av nødvendige bygningar til jordbruks- og seterføremål, jf. § 3, pkt. 1.3., b). Dette omfattar jf. forvaltningsplan dei føremål og bygningar som til ei kvar tid inngår i gjeldande seterforskrift og fjellova, etter driftsmessige behov. Driftsmessige behov vil endre seg med tida og tilhøva og gjeldande landbrukspolitik. Det er allment kjent at tilleggsnæringar i landbruket som småskala reiseliv knytt til fjellturisme, har vore satsingsområde i landbruket lang tid. Nye bygningar og anlegg som er nødvendige til jordbruksføremål skal vurderast i kvart enkelt tilfelle. Det er høve til å bruke ei skjønsmessig vurdering av kva type anlegg som vil vera nødvendig for landbruksnæring i slike tilfelle. Når det gjeld vindmølle av den storleik og kapasitet det er søkt om, vil det ha ein konkret nytteverdi for drift og næringsverksemd på setra, og ikkje føre til ulemper for setermiljøet.

Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seter kan få dispensasjon til liknande tiltak, vera til stade. Det er vurdert at sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som relativt små. Det er god oversikt over landbruksnæringa og næringsaktørar knytt til landbruket i Finndalen og verneområda elles. Oppsettinga av vindmølle er i denne saka knytt til eit driftsmessig behov, utvikling av natur- og kulturbasert næring på ei seter i drift. Løyvet til vindmølla er knytt til næring, og ikkje til hytter og fritidsføremål, og vil dermed ikkje skape unødig presedens ved at mange andre i Finndalen kan sette opp vindmølle

Motparten i saka har i si uttale invitert alle partar til synfaring. Behov for synfaring kan vera tilstade, men forvaltar meiner at underinstansen har tilstrekkeleg opplysningar i saka for å vurdere det som kjem fram i klaga frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel.

Ut i frå ei samla vurdering, av klaga og uttale frå motpart, er det ingen nye opplysningar, eller tungtvegande interessar, som gir grunnlag for å fråvike vedtaket og endre Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak, 23.11.20.

Med bakgrunn i vernereglane og ei vurdering av samla påverknad av verneverdiar vil nasjonalparkforvaltar tilrå at nasjonalparkstyret held fast på vedtak i sak 46/2020, 23.11.20.



Arkivsaksnummer:	2021/558-2	Saksbehandlar:	Mari Melbø Rødstøl	Dato:	03.03.2021
------------------	------------	----------------	--------------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	14/2021	12.03.2021

Dispensasjon - Romsdalen Ivo - dispensasjon- Tunga - motorferdsel - barmark - Pål Henrik Seyffarth

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3, d) får Pål Henrik Seyffarth løyve til motorferdsel for frakt av utstyr til hytta si på Tunga og til naust ved Ulvådalsvatnet.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 2021 t.o.m. 2025.
- Løyvet gjeld for 10 turar per år med bil frå parkeringsplassen på Tunga til hytta, og 2 turar per år frå hytta og til naust ved Ulvådalsvatnet.
- Løyvet gjeld kun for ein bil per tur.
- Parkering ved hytta skal ikkje overstige 14 dagar. Ved lengre opphald må bilen returnerast og parkerast på parkeringsplassen ved Tunga. Ved vatnet kan ein berre stå parkert i 1 dag, i samband med køyring av utstyr til båt og fiske.
- Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen og legges synleg i frontruta når bilen står parkert.
- Køyrrapport skal sendast nasjonalparkforvaltinga innan 01.12 kvart år, på følgjande elektroniske skjema:
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysningar

Dokument i saka

Søknad frå Pål Henrik Seyffarth på e-post 13.01.2021.

Brev frå Tunga sameie ved Sindre Engen på e-post 21.01.2021.

Søknaden

Pål Henrik Seyffarth søker om løyve til 10 turar med bil inn til hytta si på Tunga, og til naustet ved Ulvåalsvatnet.



Den raude streken syner strekninga det søkjast om.

Brev frå Tunga sameie, ved leiar Sindre Engen:

Vedr. bruk av bil på Tungas veinett.

Viser til telefonsamtale med Mari Rødstøl fredag 22. januar.

Som avtalt kommer jeg med noen synspunkter på vegne av Tunga Sameie som vi mener bør være med i den vurdering som skal gjøres mhp kjøretillatelse fram til hyttene på Tunga.

Den samlede kjøring på Tunga i dag deles mellom parthaver/hytteiere på Tunga, grunneiere i Kabben Hånådalen, sauegjeteren og Turistforeningen.. Hvorav parthavere/hytteiere står for bare en liten del av kjøringen. Kanskje bare 20%. Gjeteren kjører i sesongen hver dag og ofte flere ganger pr dag. Dvs at møte mellom bil og fotturister ofte vil være møte med gjeteren. Han kjører jo hele veien til vannet og parkerer i Nasjonalpark området. Det liten eller ingen fare for påføre noen skade pga bilkjøring. Undertegnede har aldri sett eller hørt om uvettig kjøring på Tunga.

Det er i dag 13 hytter og en parthaver uten hytte.

Tidligere er det innvilget 8 turer pr søker. Dvs. at man i henhold til tidligere praksis måtte innvilge 112 turer. (Vinter med leiekjører på scooter inklusiv).

.I praksis er antall turer den enkelte har behov for være svært varierende, fra null turer til kanskje flere enn 10. I sum langt under 112. Antall brukerdøgn av hyttene har gått kraftig ned de siste 20 årene.

Slik som parthavere/hytteiere i dag bruker Tunga er det til rekreasjon og ferie. De fleste har bosted på Østlandet, dvs lang kjørevei til Tunga.

Styret i Tunga Sameie tror ikke at eventuelle endrede retningslinjer for kjøretillatelse vil påvirke hytteeiernes besøksfrekvens på Tunga.

I dag skal bilene returnere til Tungebrua etter lossing av bagasje, proviant og verktøy. Dette fører til at ved de fleste hjemreisene må bilen hentes for lasting bagasje og verktøy. Dette fører til en dobling av trafikken. For å hindre dette vil f.eks. en tillatelse til å parkere bilen ved hytta

(noe som tidligere alltid har vært praksis) hindre dobbel kjøring. Parkering ved hyttene vil være parkering i Landskapsområdet. Med et par unntak er parkerte biler ved hyttene på Tunga ikke synlig for turistene som går over Tunga.

Standarden på traktorveien over Tunga er slik at det ikke settes spor i naturen med den bruken vi i dag har. Dette gjelder selvsagt også bruk av leiekjøring med scooter på vinterstid. Det kan nevnes at El-bilen har kommet på Tunga og flere blir det.

Konklusjon

- *Styret i Tunga Sameie foreslår at man prøver en toårs periode med fri ferdsel for kjøring mellom Tungebrua og hyttene. Dette skal gjelde for hyttefolket på Tunga. (Dette foreslår vi idet vi ikke ser at det vil føre til økt trafikk).*
- *Mulighet til å parkere bilen på en skjermet/diskre måte ved hyttene.*
- *Denne ordningen evalueres og tas opp til ny vurdering etter f.eks. en toårsperiode i samarbeid med naturvernoppstyret.*

PS! Håper disse synspunktene kan være nyttig for deg. Det bør også nevnes at under prosessen som førte til at Tunge - eiendommen ble innlemmet i verneområdet, ble det i flere dokument påpekt at grunneierne skulle kunne bruke eiendommen som før.

Jeg håper at man kan finne fram til en god ordning for hyttefolket på Tunga og som tar hensyn til reglene for naturvern og er minst mulig byråkratisk.

På vegne av styret i Tunga Sameie

Sindre Engen Leder i Tunga Sameie

Heimelsgrunnlag

Delegering

I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har Nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker av kurant karakter.

Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter de spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjevne av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Denne saka vil vi allikevel styrebehandle, då vi ynskjer å prinsippbehandle vilkår om parkering ved hyttene på Tunga. Det har før blitt gitt vilkår om at bilen skal parkerast ved parkeringsplassen på Tunga. Tunga sameie har i brev datert 21.01.2021 ytra ynskje om å kunne parkere bilen ved hyttene sine. Forvaltar ynsker difor at dette blir eit prinsippvedtak og at vilkåra blir styrebehandla.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forskrift for Reinheimen NP 24.11.2006.
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

Verneformål – forskrift

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit høgfjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald. Området er eit sentralt leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord. Det er også eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient, særprega geologiske førekomstar, vassdragsnatur og ikkje minst kulturminne. Tilgang til naturopplevingar og friluftsliv skal skje gjennom tradisjonell ferdsel med liten grad av teknisk tilrettelegging. Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formåls punkt. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde og Reinheimen NP er i utgangspunktet all motorferdsel forbode. Forvaltningsmyndet kan etter § 3 pkt. 5.3 bokstav b i verneforskrifta til Romsdalen LVO gje løyve til m.a:

Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen for Reinheimen utdjupar vernereglane.;

Barmarktransport til hytter

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til barmarkstransport av ved, materialar, varer og utstyr til hytter langs etablerte vegar og langs eksisterande køyrespor, jf kart nr 8:

- *frå Evensetra til Restjønn.*
- *Innafor parkeringsplassen på Tunga*
- *innafor der stigen går opp til Vermevatnet*

Det følgjer ikkje parkeringsløyve med barmarktransportløyvet. Parkering skal begrenast til den tida som er knytt til sjølv transportoppdraget, og som er påkrevd for omlasting m.v. Dersom det er planlagt lengre opphald i området, skal køyretøyet returnerast.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Verneverdiane i Reinheimen og tilgrensande landskapsvernområde er i stor grad knytt til naturverdiar. Motorferdsel kan virke negativt på fauna i ein sårbar fase som kalving/hekking. Rovfugl og villrein er særleg utsett. I tillegg kan støy frå motorisert ferdsel være forstyrrande for folk som er ute på tur.

I Forvaltningsplan for Reinheimen blir det understreka at motorferdsel kan vera særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken og landskapsvernområda skal vera skjerma for unødig støy og uro, og at motorferdsel skal ha eit klart nytteføremål. I verneområda er det difor ei målsetting om å halde motorisert ferdsel på eit minimum.

Motorferselen det søkjast om kan vi kan gje løyve til med heimel i § 3 pkt. 5.3, d). I forvaltningsplanen står det at barmarkstransport av ved, materialar, varer og utstyr til hytter langs etablerte vegar og langs eksisterande køyrespor. Innanfor parkeringsplassen på Tunga er ein av tre køyrespor i lvo det kan gjes løyve til.

I brev frå Tunga sameie datert 21.01.2021, ynskjer dei ei prøveordning på 2 år med fri ferdsel for køyring mellom Tungebrua og hyttene. Dei ynskjer og ei moglegheit til å kunne parkere ved hyttene. Før har det vært vilkår om at dei må køyre bilen tilbake til parkeringsplassen og parkere der, etter at dei har køyrt varene til hytta. Dei må da hente bilen når dei skal heim igjen, som vil føre til ekstra motorferdsel.

I forvaltningsplanen står det at motorferdsel i området skal haldast på eit nødvendeg minimum. Vi meiner at å ha eit gitt tal turar vil være eit godt virkemiddel for å halde motorferselen på eit minimum. Vi ynskjer likevel å gje hytteeigarane dispensasjon til fleire turar enn dei 8 turane som er det høgaste tal turar som er gitt før.

Når det gjeld parkering ser vi poenget som Sindre Engen (på vegne av Tunga sameie) presiserar. Føremålet er å minimere motorferselen, og det meiner vi at vi bidreg til ved å gje hytteeigarane moglegheit til å parkere ved hyttene når dei køyrer varer dit. I forvaltningsplana står det at; *om det er planlagt eit lengre opphald i området, skal køyretøyet returnerast*. Vi set difor eit vilkår på 10 dagar. Om køyretøyet skal stå i ro i 10 dagar, skal bilen parkerast på parkeringsplassen.

Transporten det søkast om er definert som eit tiltak det kan gjevast løyve til, jf. § 3, pkt. 5.3. d) i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Det er allment kjent kunnskap at motorferdsel kan virke forstyrrande på dyreliv. I tillegg er støy frå motorferdsel ofte forstyrrande på friluftslivet. Dette er bakgrunnen for å minimere motorferselen.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbasen. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Dersom ein observerer rovfugl, villrein eller andre sårbare viltartar, er det viktig å halde god avstand for å unngå unødig forstyrring, jf. føre-var-prinsippet i nml § 9.

Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning”, skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring i verneområdet. Ved å gje vilkår på antal turar pr løyve, held vi motorferselen på eit minimum. For å unngå fleire parkerte bilar ved hyttene, gjeld løyvet kun for ein bil pr tur. Om ein hytteeigar får besøk av nokon med bil, må dei parkere bilen ved parkeringsplassen på Tunga. Slik unngår vi mange parkerte bilar ved hytteområdet, som kan føre til ein redusert naturoppleving ved dette området.

Eit vilkår på tal turar kan gje presedens då det er fleire hytter på Tunga. Eit tal på 10 turar vil allikevel kunne aksepterast om dei andre hyttene på Tunga ynskjer det same. Når det gjeld parkering ved hyttene, vil også dette kunne skape presedens. Vi meiner allikevel at dette vil redusere motorferselen totalt, og at belastninga på økosystemet difor blir mindre.

§ 11; Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12; Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode, er vurdert som ikkje relevant.

Totalt sett vil belastninga for verneområdet være forbigåande og akseptable og vilkåra vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.



Arkivsaksnummer:	2020/13707-4	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	05.02.2021
------------------	--------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	15/2021	12.03.2021

Klage på delegert vedtak - avslag på bruk av UTV med belter for persontransport til hytte i Vermedalen, i Romsdalen landskapsvernområde

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Hans Kristian Myrabø til følge. Nasjonalparkstyret legg avgjerande vekt på Rauma kommune sitt løyve, til bruk av snøscooter for funksjonshemma (*Nasjonal forskrift om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag, § 5b*).

Det er ingen nye tungtvegande moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på avslag på bruk av UTV med belter, for persontransport til og frå eiga hytte ved Storhaugen i Vermedalen, jf. delegert vedtak i saka.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Hans Kristian Myrabø, 08.12.20
- E-post frå søkjar, 10.12.20
- Legeerklæring, Rauma legesenter 24.04.2020
- Vedtak i Rauma kommune, 2020
- Delegert vedtak, Nasjonalparkstyret for Reinheimen - *avslag på bruk av UTV med belter, men dispensasjon til bruk av snøscooter, for persontransport til og frå eiga hytte ved Storhaugen i Vermedalen*

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Klaga er vurdert i medhald av:

- Forskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2006
- Forvaltningslova

Klagefrist og klagerett

Klaga frå Hans Kristian Myrabø er datert 05.02.21. Det delegerte vedtaket ble ekspedert på e-post til søkjaren 03.02.21, og klaga er sendt forvaltningsorganet, Nasjonalparkstyret for Reinheimen, innan klagefristen på 3 veker, jf. fvl. § 29.

Avgjersla i saka rettar seg mot søkjar Hans Kristian Myrabø som har rettsleg klageinteresse og klagerett jf. fvl. § 2 første ledd, bokstav e).

Forvaltningsmyndigheita skal vurdere om klaga gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak)

Klage på delgert vedtak, ekspedert 03.02.21:

Hans Kristian Myrabø klager på deler av vedtaket som gjeld avslag om bruk av UTV med belter til transporten.

Det var gjort slik delegert vedtak i saka:

Delegert vedtak

Med heimel i verneforskrifta for Romsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3, bokstav b) får Hans Kristian Myrabø avslag på bruk av UTV med belter, men får dispensasjon til bruk av snøscooter, for persontransport til og frå eiga hytte ved Storhaugen i Vermedalen.

Avslaget er grunngjeve i at UTV med belte på snødekt mark kan gje presedensverknad til andre saker, og føre til at fleire går over til eit nytt type køyretøy på snødekt mark. I tillegg er ulemper for friluftslivet vurdert, da ATV/UTV med belte gir doble spor, som etter erfaring vil gje større ulemper for skiløparar samanlikna med eitt snøscooterspor.

Dispensasjonen til bruk av snøscooter er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for inntil 5 turar årleg, for vintersesongane f.o.m 2021 t.o.m. 2023.
- Søkjar kan gjennomføre transporten med snøscooter sjølv. Alternativt skal det brukast godkjent kommunal leigekøyrar med snøscooter til transportoppdraget.
- Transporten skal gjennomførast før 20. april. Køyting i påskehøgtida skal unngåast.
- Køyreruta skal følgje vegtraseen i Vermedalen frå grensa til Romsdalen LVO, og til hytta ved Storhaugen, som vist på kart i søknaden. Retur same veg.
- Køyringa skal skje skånsamt, på frossen snødekt mark, for å unngå skade på terreng og vegetasjon.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Seinast dagen før snøscootertransporten skal SNO v/ Thomas Rødstøl varslast på mobilnr.: 915 47 617.
- Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga kvart år, innan 5.juni, på følgjande elektroniske skjema:
- http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapporteringsskjema_motorferdsel.pdf

Det blir gjort merksam på at transporten må avklarast med grunneigar, og Rauma kommune, jf. «Lov om motorferdsel i utmark».

Vurdering

Avslaget er fyrst og fremst grunngjeve i at Rauma kommune med heimel i nasjonal forskrift for motorferdsel § 5b, har gjeve søkjaren løyve til å nytte snøscooter til transporten.

Avslag til bruk av UTV er og grunngjeve med presedensverknad, og aksept for nytt type køyretøy på snødekt mark. I tillegg er ulemper for friluftslivet vurdert, da ATV/UTV med belte gir doble spor, som etter erfaring vil gje større ulemper for skiløparar samanlikna med eitt snøscooterspor.

Vedtak, Rauma kommune:

Med heimel i § 5b i forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag og kommunalt regelverk §2 b får Hans Kristian Myrabø løyve til bruk av snøscooter inntil 10 turar per år frå næraste veg etter kortaste tenlege rute si eiga hytte i Vermedalen på desse vilkåra:

- Løyvet gjeld for 2020-våren 2023

- Løyveinnehavar skal setje seg inn i nasjonalt regelverk (lov og forskrift) for bruk av motorkjøretøy i utmark, og Rauma kommune sitt kommunale regelverk for motorferdsel i utmark.
 - Det skal brukast uniformert vest utarbeidd av kommunen, hjelm og registrert snøscooter.
 - Det skal førast køyrebok.
 - All motorferdsel i utmark skal avgrensast til det som strengt tatt er nødvendig.
- Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte ferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar og avklare dette.

Hans Kristian Myrabø skriv følgjande i klaga:

«Viser til vedtak i nevnte sak og klager på den del av vedtaket som gjelder at jeg må bruke snøscooter i stedet for firhjuling med belter. Det er til orientering tre stk på Verma som har kjøpt firhjuling med belter etter at svaret i vedlagte mail fra JPV forelå.


Vedr firehjuling med belter (ATV/UTV) ble det i februar 2020 avklart med Jan Petter Vad i Rauma kommune at det var OK med bruk av firhjuling med belter for kjøring i Vermedalen og andre steder i kommunen hvis det var hensiktsmessig. Til persontransport av bevegelseshemmede er det faktisk det eneste som er hensiktsmessig. Se vedlagt korrespondanse mellom JPV og leiekjører Frank Sæther. I forbindelse med en anmelding av bruk av firhjuling med belter i april 2020, - ble saken henlagt av politiet etter samtale med JPV mfl, - dette etter som det alt i februar var klart at dette var innenfor. På alle dispensasjoner fra kommunen står det snøscooter, og har gjort det de siste 20 år meg bekjent.

Det er allikevel et faktum at firhjulinger med belte brukes i hele kommunen. Det er nå mer en 10 ganger så mange firehjulinger som snøscootere i kommunen. Firhjulinger med belter brukes av kommunen, Rauma Energi, leiekjørere, i forbindelse med jakt osv (ikke bare henting av felt vilt, men generelt). Har ikke hørt noe om konflikt med skiløpere. Sporet til et belte er ca 35 cm bredt og slik like godt egnet til skiløype enn et snøscooterspor som ofte bare er marginalt bredere. Det kjøres både med snøscooter og firhjuling litt asymetrisk, dvs en lager bredere spor på retur.

Kommunen og Nasjonalparkforvaltningen bør se på muligheten for å koordinere/gjøre regelverket klarere i lys av den utvikling som har vært vedr kjøretøyer til brukt på dette området. Det å utelukke kjøring av firhjuling med belter på vinterføre der det er hensiktsmessig høres ut som en dårlig strategi.

Jeg beklager at denne informasjonen ikke ble lagt ved søknaden fra begynnelsen, da jeg trodde dette var godt kjent av alle.»

I klaga er det lagt ved e-post korrespondanse med saksbehandler i Rauma kommune i februar 2020, der det i en e-post til leigekøyrar Frank Sæter, er gjeve aksept for å bruke ATV/UTV med belter.



Svaret på e-post til leigekøyrar Frank Sæther (over) gjeld ikkje denne konkrete saka. Etter reglane i *Nasjonal forskrift om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5 pkt. b) Funksjonshemmede*, er det ikkje lov å nytte ATV/UTV med belte. I § 5 b) er det gjeve særskilt opning for å gje løyve for bruk av snøscooter for funksjonshemma, men det er gjennom rettleiinga til lov/forskrift avklart at ATV/UTV med belte ikkje fell inn under omgrepet snøscooter. Ein snøscooter er i henhold til vegtrafikklovas reglar ein beltemotorsykel, medan ein ATV/UTV enten blir registrert som traktor, motorsykel eller moped. Sjølv om det monterast belte på ein ATV/UTV, så gjer ikkje dette at køyretøyet blir ein beltemotorsykel. Det betyr at ein UTV med belte, som er registrert som traktor, motorsykel eller moped, ikkje kan tillatast der føresegnene i regelverket spesifikt opnar for at kommunen kan tillate bruk av snøscooter. Slik sett skal bruk av ATV/UTV med belte vurderast og behandlast etter forskrifta § 6, og ikkje etter § 5 b) som kommunen har gjort i denne saka.

At det i klaga blir hevda at det er mange fleire som no eig ATV/UTV med belte enn snøscooter i Rauma kommune, vil ikkje legge føringar for vurdering av klaga. I behandling av klaga må nasjonalparkstyret leggje vekt på kommunen sin behandling, der det er gitt løyve til bruk av snøscooter, jf. reglar i *Nasjonal forskrift om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag, § 5b). Funksjonshemma*. og i denne saka er vedtaket samordna med etablert praksis og kommunen sin behandling etter nasjonal forskrift.

I andre verneområde som har erfaring med liknande søknader, viser det seg at spor frå ATV med belte har ført til konflikt med friluftslivsinteressar i verneområde. ATV med belte gir doble spor, og er mindre egna for skiløparar, samanlikna med eitt snøscooterspor. Den vinterstengde vegtraseen i Vermedalen blir også nytta av skiløparar, og UTV med beltespor er vurdert å kunne skape konflikt med friluftslivsinteressane i området. Ved å gje dispensasjon til UTV vil ein og kunne skape ny presedens til andre sakar, og leggje opp til ei vriding til nye type køyretøy for vintertransport. Auka bruk av ATV/UTV kan det sannsynlegvis også føre til auka press på barmarkstransport, da dette er eit køyretøy som er godt eigna for barmark.

Myrabø har i e-post 02.03.21 gjeve følgjande tilleggsinformasjon og foto til klaga:



En av begrunnelsene på avslag om bruk av firehjuling var at firehjulinger (ATV og UTV) lagde to spor, mens snøscooteren bare lagde ett. Jeg har nå sjekket faktiske forhold samt innhentet fakta fra hvorledes snøscootertrasen i Vermedalen faktisk ser ut det meste av vinteren.

Når det gjelder snøscooter så setter den faktisk tre spor, med en typisk bredde fra ytterkant til ytterkant på ca 1,25-1,3m. Styreskiene utgjør yttersporene og er ca 20-25 cm brede mens betesporet i midten er fra 30-60 cm. Det er i hovedsak Rauma Energi, Grytten Fjellstyre, SNO i tillegg til noen enkeltturer av de som har løyve som kjører.



Har sjekket trasen ved flere anledninger. De kjører ofte med to scootere, og de kjører slik at sporet blir bredere for hver gang. Dette for at det skal bli lettere å kjøre/styre neste gang. Dette resulterer i at løypetraseen stort sett ligger på fra 1,8 m til godt over 2 m, se bildene under. Det ene med staver er 40 m fra hytta vår ved Storhaugen.

Sporbredden på en ATV/UTV med belter ligger på 1,3 til 1,6m. Det blir derfor ikke noe mer spor/spor utenfor eksisterende spor/trase om en benytter et slikt kjøretøy. Det blir heller ikke noe mer ulempe for skigåere/friluftsliv enn ved bruk av snøscooter, snarere tvert imot siden ATV/UTV normalt går mye langsommere enn det som er mulig med scooter.

Når det gjelder egnethet av kjøretøy for transport av bevegelseshemmede er scooter en tvilsom transportmåte. Skulle en få et velt klarer en bevegelseshemmet ikke å komme seg av men kan få scooteren delvis eller helt over seg. Er en i tillegg beskjør slik som min samboer sier det seg selv at dette ikke er forsvarlig transport. Derimot i en UTV sitter man i et sete med 3 punkts sikkerhetsseler som i en bil og med kraftige veltebøyler både i vegger og tak i «førerhuset».

Videre om jeg blir tvunget til å bruke scooter (noe jeg ikke har) må jeg laste den opp på en henger hjemme og kjøre 3 km til der hvor brøyta veg slutter. Ofte er det bar veg, men for bløt for bil den første kilometeren. Da må en kjøre snøscooter på grusveg. Særlig går styreskien nedi og ødelegger vegen. Med UTV kan jeg laste opp hjemme og kjøre etter veg (reg som traktor) og fortsette uten omlastinger etc, mye enklere og mer fornuftig etter min mening.

Jeg ber derfor dere nok en gang om å kunne bruke det mest skånsomme og best egnede kjøretøy, - den UTV som jeg opprinnelig søkte om å få bruke.



Foto: kjørespor på veg i Vermedalen, frå Hans Kristian Myrabø.

Når det gjeld snøscooter som tvilsom transportmåte så er det ingen tungtvegande argument for at det ikkje er egna framkomstmiddel. Det er heller ingen dokumentasjon frå lege om at ein ikkje kan gjennomføre persontransporten på snøscooter til hytta i dette tilfelle. I *Nasjonal forskrift om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5 pkt. b)*, er snøscooter for funksjonshemma spesifisert som forsvarleg framkonstmiddel på snødekt mark. Ut i frå ei samla vurdering med avgjerande vekt på Rauma kommune sitt løyve til bruk av snøscooter vil nasjonalparkforvaltar tilrå at nasjonalparkstyret held fast på vedtak om avslag på bruk av UTV med belter.


Arkivsaksnummer:	2021/1561-5	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	02.03.2021
------------------	-------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	16/2021	12.03.2021

Ottadalen landskapsvernområde - etablering og merking av turstig - Turstiglaget Lom Nasjonalparklandsby

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Ottadalen lvo § 3, pkt. 1.3 d), og pkt. 4.2, får Turstiglaget Lom Nasjonalparklandsby dispensasjon til å etablere og merke ny turstig mellom Stavåsen og eksisterande turstig til Geitupphøe, som vist i kartskissa under:



Etablering av ny turstig i randsona, og innafor Ottadalen lvo, vil ikkje påverke verneverdiane eller skade verneføremålet i nemneverdig grad.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Den nye stigtraseen frå Stavåsen til eksisterande stig mot Geitupphøe, skal leggjast frå Geitådalen om utløpet av øvre Bergetønn, av omsyn til sårbar kongeørnlokalitet.
- Endeleg trase skal avklarast med forvaltar i felt på barmark, av omsyn til landskapet, terreng og for å unngå unødig terrengslitasje.
- Turstigen skal merkast etter nasjonal skiltstandard for turstigar, slik som eksisterande turstigane knytt til Lom Nasjonalparklandsby.
- Turstiglaget Lom Nasjonalparkslandsby har ansvar for drift og vedlikehald av den nye turstigen.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan krevje at Turstiglaget Lom Nasjonalparkslandsby, fjernar stimerkinga dersom ferdsel fører til terrengslitasje, er til ulempe for villrein, vilt eller andre verneverdiar i området.
- Rundturen skal marknadsførast i Lom nasjonalparklandsby sin turkartbrosjyre som ein sommartur.
- Merking av rundturen inn i Ottadalen landskapsvernområde gjeld for 10 år, fram til 2031. I 2031 skal tilretteleggingstiltaket evaluerast, for å vurdere eventuelle konsekvensar for villrein i området.

Det vert gjort merksam på at dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Ottadalen landskapsvernområde. Tiltakshavar må avklare tilrettelegginga med grunneigar og evt andre aktørar. Det vert gjort merksam på at SNO vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.


--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Turstiglaget Lom Nasjonalparklandsby, v/Egil Olav Nyrnes 18.01 og 22.01.21
- Uttale frå Reinheimen-Breheimen Villreinutval, 11.02.21
- Uttale frå Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen, protokoll 2021 sak 11, 02.03.21

Saksopplysningar

Turstiglaget Lom nasjonalparklandsby søker om ny tilrettelegging mellom Geitupphøe fram til Stavåsen og vidare ned til garden Staurust ved Ottaelva. Det eksisterer ein merka stig frå Tronodden til Geitupphøe, og langs Skim/Ottaelva frå Tronodden til Staurustberget. På strekninga frå Stavåsen ned til Skim/Ottaelva skal det også utarbeidast informasjon om "Olavsråket" frå Lesja til Lom. Denne strekningen skal merkast slik at det følgjer den gamle setervegen ned frå Stavåsen. Den svarte stipla lina i kartet under viser planlagt ny stigmerking for rundtur i randsona til verneområdet.



Av sensitiv artsdatabase går det fram at det er registrert sårbare fuglelokaliteter i området under Tronoberget, både Hubro og Kongeørn. Med bakgrunn i kunnskap om fuglelokalitetane vart det gjennomført eit Teams-møte 01.02.21, der søkjar, rovviltansvarleg hjå statsforvaltaren, Lom kommune, Geir Høitomt i Kistefoss skogtenester og forvaltarar deltok.



Kartet t.v er henta frå *Sensitiv artsdata*, og er unntatt off. jf. § 24, 3. ledd

Det er fleire år sidan Hubro er lokalisert i området, men kongeørnlokaliteten har vore brukt i seinare år, og er særleg sårbar i hekketida, mellom 01.02.-15.07 (jf. kart over). Uro i tidlig etableringsfase kan resultere i at hekking uteblir, medan uro i rugetid/ungetid kan føre til at arten skyr reiret eller at egg/ungar døyr (på grunn av f.eks. kaldt vær/nedbør). På grunn av den sårbare kongeørnlokaliteten nær ny turstig, ble det avklart med søkjar om å leggje ny stig ca 1000 m lenger austover, innafor Ottadalen landskapsvernområde. Søkjar sendte ny søknad og kartskisse 22.01.21, og skriv følgjande:

«Takk for rettleiing! Eg sender vedlagt eit kartutsnitt som syner turstigen på kartverket sitt kart der nasjonalparkgrensa er innteikna. Eg sender og eit vedlegg som syner teksta som er tenkt på infotavle ved Stavåsen. Som ein ser handlar denne teksta mykje om ferdselsvegen mellom Lesja og Lom. Vi fekk innspel om at det kunne vera smart å få med info om Reinheimen. Det er sikkert lurt at forvaltninga sjølv formulerer dette for å få presise ordval. Infotavler er tenkt på tre plassar ned frå Stavåsen og ei ved Tronodden.

Turstigen mellom aksla på Geitupphøe til Stavåsen er tenkt å fylgje eit allereie nesten samanhengande synbart råk brukt av dyr, jegerar og andre.

Målet vårt er å få kulturstigen ferdig til olsok 2021. Vi håpar forvaltninga ser positivt på tiltaket vårt.»

Tekst om «Olavsrådet»

Stavbrekka – Stavåsen.

«Det er skade,» sagde kongen, «at ein skal brenne so fager bygd.»

Snorre Sturlason (1179-1241) skreiv dei norske kongesogene. Om Heilag Olav si ferd frå Lesja til Lom i året 1021 skreiv han at kongen fór over Lordalen, og kom ned ein stad som heiter Stavebrekka.

Dei siste åra er denne gamle ferdselsvegen, som kallast Olavsrådet registrert. Olavsrådet går frå N. Vigga på Lesja, innover på sørsida av Lordalen og gjennom Vesleskaret. Frå Vesleskaret går vegen framover Rååkåfjellet og ned til austenden av Honnsjoen. Frå her går den så vidare fram hit til Stavåsen og Stavbrekka. Registreringa av Olavsrådet viser ei sterk varding av vegen. Omlag 300 vardar, enkelte av dei er opp til to meter høge. Langsetter vegen er det og fleire gravrøyser og også ein gravhaug som ligg like opp i lia her.

Snorre skriv vidare: Kongen kom fram på Stavebrekka og såg ned i Lomsbygda. Han tykte bygda var så fager. «Det er skade,» sagde kongen, «at ein skal brenne so fager bygd.» Kongen rekna nok med å treffe på hard motstand blant lomverane, da ville han fara brutalt fram med drap og nedbrenning av gardar.

Tekst til kart over Olavsrådet:

Den solide vardinga av Olavsrådet tyder på at vegen var ein mykje brukt og viktig ferdselsveg. På enkelte område er det varda fleire vegval. Det heng truleg saman med ferdsel til ulike årstider. Gravminna langs vegen fortel om ferdsel i fleire hundre år før Heilag Olav fór denne vegen.

(Bilde 3581- Vesleskaret.)


I grenseområdet mellom Lesja og Lom, i Vesleskaret, står denne varden. Varden kan ein sjå på fleire kilometers avstand både frå Lom-og Lesjasida.

(Bilde 3875,)

Olavsteinen.

Tradisjonen fortel at ved denne steinen, like sør for Råkåvatnet, kvilde Heilag Olav med folka sine på turen frå Lesja til Lom.

Steinen har såleis fått namnet Olavsteinen



Kartet syner nytt forslag til stigtrase, mellom Geitådalen og sørsida av Geitupphøe, skissert med raud line.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

§2 «Føremålet med oppretting av Ottadalen landskapsvernområde er å

- ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høgfjellsområde

- tyta vare på det biologiske mangfaldet i området, med særleg vekt på villreinstammen i Ottadalen nord.

- ta vare på kulturminne mellom anna knytt til vatningsanlegg.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Ottadalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. vernereglane, pkt. 1.1.

Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt i høve til forvaltningsplanen.

Forvaltningsstyresmakta kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3 d), gje løyve til opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne. Dyrelivet må ikkje forstyrast, jf. verneforskrift § 3, pkt. 4.1.

§ 3, pkt. 4.2.regulerer organisert ferdsel:

«Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.»

Forvaltningsplan

Vedlikehald og ny tilrettelegging § 3, pkt 1.2, b, 1.3, d.

Vanleg vedlikehald av eksisterande turstigar (jf. opplisting i forvaltningsplanen) er direkte heimla i verneforskrifta. Løvegen kan vedlikehaldast med varding, fargemerking og skilting. (Jf kart nr 4 og 5) Vedlikehald av varding, bruer og klopper kan skje. I den grad det er nødvendig for trygging av ferdsla kan forvaltningsstyresmakta gje løyve for bygging av nye klopper og bruer.

Ved vurdering av søknader om aktuelle tilretteleggingstiltak skal ein ta omsyn til landskap, naturmiljø og dyreliv slik at

- fysiske tilretteleggingstiltak ikkje blir skjemmande for omgjevnadene

- det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan medføre unødig slitasje på terrenget

- det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan vere til ulempe for villreinen eller kome i konflikt med viktige viltområde som parings- og hekkeplassar.

All tilrettelegging for friluftsliv i landskapsvernområdet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2006 (Direktoratet for naturforvaltning 2006) og Merkehåndboka, DNT mfl 2002 (DNT2002).

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men ein kan avvike frå dette av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 4.1, 4.2.

Det er ikkje restriksjonar på organisert turverksemd til fots så lenge dette ikkje er til skade for naturmiljøet. All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.

Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor landskapsvernområdet kjem også inn under organisert ferdsel.

Det er søknadsplikt for organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområdet og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate. Organisert bruk av sykkel, hest og hundespann er ikkje underlagt restriksjonar, med mindre bruken fører til slitasje på og utafor stigar slik at verneverdiar blir forringa.

Dersom slik ferdsel aukar i mengde til å bli ein trussel for verneverdiane, må forvaltningsstyresmakta vurdere bruk av søknadsplikt og tiltak som kan avbøte dette.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Vurdering

Den nye turstien har som føremål å binde saman eksisterande merka turstier til ei lenger rundløype for lokalbefolkning, og dei som besøker Lom. Dei etablerte merka turstigane frå Lom nasjonalparkslandsby langs Ottaelva mot Staurust, og frå Tronodden opp til Tronoberget og Geitupphøe, er i ransona utanfor vernegrensa til Ottadalen Ivo. Ferdselen her har auka etter at Lom fekk status som nasjonalparklandsby, og turstigane vart oppgradert med god merking, og marknadsført med gratis turkartbrosjyre. Den nye rundløypa vil bli eit godt tilbod for dei som ønskjer ein lang dagstur frå Lom sentrum. Stavåsen og området mot Geitupphøe og Tronoberget er et flott område med utsikt over Lom og vidstrakte fjellområde. Etablering av natursti god stigerking er også eit godt verkemiddel for å kanalisere og styre ferdsel slik at ein unngå sårbare områder. Sidan tiltaket er i randsona og innafor leveområdet til villrein vart saka sendt til villreinnemda og villreinutvalet for Reinheimen -Breheimen, til uttale.

Reinheimen-Breheimen villreinutval har 11.02.21 gjeve slik uttale til tiltaket:

Reinheimen-Breheimen villreinutvalg har ikke møte de første ukene, så leder og sekretær i utvalget har behandlet din forespørsel administrativt – og konkluderte med at omsøkte sti trolig påvirker villreinen lite, hvis stien bare benyttes om sommeren. Men «føre varprinsippet» bør vurderes. Summen av tiltak og aktiviteter i området kan påvirke villreinens fremtidige områdebruk her.

Som det nevnes i saksutredningen er deler av det berørte området definert som villreinområde, samt at hekkende ørn finnes i nærheten. Lom kommunes viltkart fra november 1995 beskriver også deler av området som beiteområde for elg/hjort/rådyr, og trekkveier for disse artene. Videre defineres området også som beiteområde for orrfugl. Reinheimen-Breheimen villreinutvalg frykter at verneverdiene for området kan bli forringet ved at tursti/-løype fører flere mennesker og menneskelige aktiviteter inn i dette området. Slike tiltak har vist seg vanskelig å reversere, selv om det i ettertid kan dokumenteres uheldige virkninger av de gjennomførte tiltakene. Villreinens leveområder utsettes for et kontinuerlig press fra andre brukergrupper i dagens samfunn. Reinheimen-området ble vel vernet for sine kvaliteter – og ikke for å bli en «opplevelsespark»?

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen har behandla saka i møte 02.03.21, og har gjort slik vurdering:

Dette området er registrert som heilårs leveområde for villrein og ligg i nærleiken av fokusområde nr 9: *Honnsjoen – overgangen til Liafjellet*, jf. NINA-rapport 643. Her går det eit sterkt og konsentrert reinstrekk frå Honnsjoen mot verdifulle vinterbeite på Liafjellet og austover til Nordheradsfjellet. Vinterbeita på Liafjelltangen har normalt lite snø og isar sjeldan ned i motsetnad til vinterbeita lengre vest. Fangstrelaterte kulturminne i området Honnsjoen og austover syner at området har vore eit viktig reinstrekk i lang tid attende. Det er viktig at korridoren til å frå Liafjelltangen blir skjerma frå inngrep og uroing. Særleg på starten og slutten av vinteren da reinen trekker inn/ut av området. Det er i dag lite ferdsel i dette området. Rundløypa slik ho er planlagd som ei sommarrute vil neppe vera problematisk for villrein.

Det er om løypa blir populær som ein innfallsport til områda lengre inn at den kan skape utfordringar og særleg om sesongen blir utvida. Det kunne eventuelt vore aktuelt med tidsavgrensing på når ruta kunne bli brukt/marknadsført, men mest truleg vil interessa for ruta bli redusert utover hausten. Ruta er vel heller ikkje særleg egna for ferdsel om vinteren.

Vedtak: Det er greitt med merking og marknadsføring av Rundløypa Tronoberget – Stavåsen – tilbake langs med Skim. Ruta bør berre bli marknadsført som ei sommarrute.

Det bør setjast som vilkår at ein har evaluering av rundløypa etter 10 år, for å sjå om den har negative konsekvensar for villrein.»

Både villreinutvalet og villreinnemnda peiker på at villrein stadig er under press frå ulike brukargrupper, og at eit tilretteleggingstiltak for turistar har vist seg å vera vanskeleg å reversere sjølv om det i ettertid kan dokumenteast uheldige verknader. Det er særleg viktig at korridoren til å frå Liafjelltangen blir skjerma frå inngrep og uroing. Særleg på starten og slutten av vinteren da reinen trekker inn/ut av området. Det er lite ferdsel i dette området, og ei rundløype her på sommaren vil neppe vera problematisk for villrein. Turen opp frå Tronodden og Staurust er relativt bratt, og det er lite som tyder på ferdsel her vinterstid. Turstigen vil ikkje vera i direkte konflikt med villrein sidan turstigen blir nytta om sommaren. Så lenge stigen blir lagt ved opp ved øvre Bergetjønn vil ferdselen heller ikkje være til skade for ein sårbar rovfuglelokalitet i området.

Sidan det er planlagt informasjon om «Olavsrådet» over til Lesja i både kart og bilete ved Stavåsen og ned setervegen, så er det viktig at dette blir formidla slik at det ikkje fører til auka ferdsel inn i nasjonalparken. Ved etablering av informasjon om «Olavsrådet» vil det vera naturleg at det blir vurdert ei samordning av eit informasjonspunkt med nasjonalparkforvaltninga, for å gjere turgåarar merksam på nasjonalparken, som er i eit sårbart leveområde for villrein, og at området inni fjellet ikkje er tilrettelagt med merka stigar.

Kunnskapen om naturverdiar og villrein sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget), og det er ikkje nødvendig å ta i bruk «føre-var-prinsippet i § 9. Ut i frå ei samla vurdering, vil tilrettelegging av ei ny stig i randsona, og i ytterkanten av Ottadalen landskapsvernområde for fottur i sommarsesongen, ikkje stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Tiltaket er i samsvar med Reinheimen sin besøksstrategi, om å kanalisere besøkande utanfor og i randområda av nasjonalparken som toler besøk, som t.d frå Norsk fjellsenter og Lom nasjonalparklandsby.



Arkivsaksnummer:	2021/446-5	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	05.02.2021
------------------	------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	17/2021	12.03.2021

Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - 2024 - bruk av drone og helikopter for telling av villrein i Reinheimen NP - Reinheimen-Breheimen villreinutval v/Knut Granum

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får Reinheimen-Breheimen villreinutval dispensasjon for å bruke drone, småfly eller helikopter, i samband med kalveteljing og strukturteljing av villrein i Reinheimen nasjonalpark og tilliggjande landskapsvernområde.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld i samband med Kalveteljing 15.06-01.09, og Strukturteljing 15.09 – 15.10, i åra f.o.m. 2021 t.o.m. 2024.
- Drona skal haldast så høgt som mogleg innanfor gjeldande lovverk, for å skåne villreinen mest mogleg.
- Droneførarar skal halde god avstand til villrein, på minimum 500 m
- Statens naturoppsyn Reinheimen v/ Per Olav Haugen (tlf. 970 57 213) eller Thomas Rødstøl (tlf. 915 47 617) skal ha beskjed om når teljingane blir gjennomført.
- Nasjonalparkforvaltninga skal etter kvart år ha ein kortfatta rapport om kvar flyginga har skjedd, samla omfang av flyging og positive/negative erfaringar. Film/bilete skal også leggjast ved rapporten (sfinpost@statsforvalteren.no).

Vi gjer merksam på at dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark og tilliggjande landskapsvernområde. Det er søkjer sitt ansvar å innhente løyve etter anna lovverk, frå kommunar og grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om bruk av drone, frå Reinheimen-Breheimen villreinutval, 24.06.2020
- Kombinert rapport og søknad vedr. Dispensasjon motorisert ferdsel i Reinheimen-Breheimen, frå Reinheimen-Breheimen villreinutval, 28.10.2020
- Delegert vedtak i sak 2019/10892, [dispensasjon til bruk av helikopter](#) i samband med minimumstelling av villrein (2020-2024), og [dispensasjon til bruk av drone](#) i samband med strukturteljing (2019-2021).
- Bruk av droner i verneområder, brev frå miljødirektoratet 06.03.19.

Saksopplysningar

Søknaden

Reinheimen-Breheimen villreinutval v/ sekretær Knut Granum søker 24.06.20 om dispensasjon til å bruke drone/småfly/helikopter til kalvetelling og strukturtelling i Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde.

Reinheimen-Breheimen villreinutvalg søker om å få bruke drone til følgende registreringer:

1. Kalvetelling i perioden 15.06 – 15.07 (Breheimen og Reinheimen)
2. Strukturtelling i perioden 15.09 – 15.10 (Reinheimen og Breheimen)

Planen var at bruk av droner vil skje allerede i 2019, men usikkerhet om tilgang til mannskap og egnet utstyr gjør at vi ser for oss en prosjektperiode på 3 år. Villreinutvalget vil også be nasjonalparkstyrene synkronisere/forlenge våre løyver til bruk av helikopter i Reinheimen-Breheimen villreinområde i forbindelse med minimumstillinger på vinteren; i perioden 10. januar til utgangen av mars hvert år. Statens naturoppsyn deltar på disse registreringene.

Villreinutvalet har 28.10.20 sendt ein rapport for (2020), og justert søknad om lågtflyging og bruk av drone, for å gjennomføre minimumstillinga, kalvetelling og strukturtelling for 2021-2025:

Kalveteljing:

Reinheimen-Breheimen villreinutvalg søker med dette om endret/utvidet periode for bruk av helikopter/småfly/drone i Reinheimen-Breheimen villreinområde til kalvetelling: 10.06. – 20.07. gjeldende for årene 2021-2025.

Strukturteljing:

Reinheimen-Breheimen villreinutvalg søker med dette om bruk av drone i Reinheimen-Breheimen villreinområde til strukturtelling: 15.09. – 20.10. gjeldende for årene 2021-2025.

På telefon 03.02.21, opplyser Knut Granum at dei no også er involvert i arbeidet med ny kvalitetsnorm for villein i regi av NINA. NINA skal mellom anna bistå under strukturtellinga, og vil ta i bruk nytt avansert utstyr for registreringsarbeidet.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forskrift for Ottadalen Ivo, 24.11.2006
- Forskrift for Lordalen Ivo, 24.11.2006
- Forskrift for Finndalen Ivo, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 2009

Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde er fyrst og fremst knytt til naturkvalitetane i området, der leveområdet til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde står sentralt, jf. føremålet § 2 i verneforskriftene.

All motorisert ferdsel er i utgangspunktet forbode i Reinheimen nasjonalpark, jf. § 3 pkt. 6.1 i verneforskrifta; *Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.*

§ 3, pkt. 6.3. opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til e) *Flyging lågare enn 300 meter over bakken i samband med beitedyrleiting og dyreteljingar.*

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty som drone ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. I Reinheimen er det eit eige punkt som regulerer denne typen farkostar. I verneforskrift for Reinheimen § 3, pkt. 7.2 står følgjande: «*All unødvendig støy skal unngåast. Bruk av motor på modellfly, modellbåt mv. er forbode....*» Det blir tolka slik at «mv.» omfattar dronar. I landskapsvernområda er denne type farkostar ikkje regulert gjennom vernereglane, men all ferdsel skal skje med omsyn, utan skade på naturmiljø, og dyrelivet skal ikkje uroast (jf. verneforskrifter § 3, pkt. 4.1. Generelt om ferdsel).

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Reinheimen utdjuar forbodet mot motorferdsel (4.7.2 Retningslinjer): *I Reinheimen nasjonalpark er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål.*

Forvaltningsplan for Reinheimen frå 2010 gir ikkje føringar for bruk av droner, ettersom det var ein lite brukt teknologi da planen vart utarbeidd.

Naturmangfaldlova

Bruk av drone er forbode i Reinheimen nasjonalpark. Føremålet med tiltaket er heller ikkje omtalt i verneforskrifta som eit unntak nasjonalparksyret kan gje dispensasjon til. Søknaden om bruk av drone må derfor behandlast som dispensasjon frå vernevedtak, § 48 i naturmangfaldlova (NML).

Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet.

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningslinjer i forvaltningsplan og naturmangfaldlova § 48 må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Verneverdiane i Reinheimen er i stor grad knytt til naturverdiar. Motorferdsel og bruk av drone kan virke negativt på fauna i ein sårbar fase som kalving/hekking. Rovfugl og villrein er særleg utsett. I tillegg er støy frå motorisert ferdsel og drone generende på friluftslivet. Når det gjeld vurdering av helikopter/småfly til dyreteljingane, så vert det her vist til vurdering i delegert vedtak 07.08.19, sak 2019/10892, [dispensasjon til bruk av helikopter i samband med minimumsteljing av villrein \(2020-2024\)](#).

Føremålet med søknaden frå Reinheimen-Breheimen villreinutval om bruk av drone, gjeld eit dokumentert behov knytt til forvaltning av villreinbestand. Leveområdet til villrein er eit sentralt verneføremål i Reinheimen nasjonalpark, og omsynet til villrein er viktig i nasjonalparkstyret sin behandling av saker i verneområdet. Samstundes blir villreinstammen forvalta på bestandsnivå, med mål om ein berekraftig storleik på bestand etter beitegrunnlaget. Ei god bestandsforvaltning med friske villreinflokkar er avgjerande for å ivareta villrein i Reinheimen. Villreinutvalet står for den praktiske delen av bestandsforvaltninga, og har eit akseptert behov for motorferdsel og ta i bruk drone i sitt arbeid i villreinområdet.

I brev datert 06.03.2019 frå Miljødirektoratet til nasjonalpark- og verneområdestyre og kommunar med forvaltningsmynde omtalast bruk av drone i verneområde, m.a.; *Ulempene og skadepotensialet med bruk av droner er vel kjent, både i forhold til friluftsliv og dyreliv. Samtidig kan bruk av droner ha stor nytteverdi, f.eks. ved bruk i naturforvaltning og ulike typer næringsvirksomhet. Dette gjelder ikke minst når bruk av droner kan redusere kjøring på barmark eller redusere bruken av fly/helikopter.*

Vidare er særskilt dispensasjon omtalt:

For områder med forbud mot bruk av droner kan det både for tamreindrift, saueneøring, oppsynsvirksomhet mv vurderes å gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48. De vurderingene som skal gjøres av hjemmelsforhold, naturtilstand, sårbarhet og skjønsmessige forhold fremgår generelt av Miljødirektoratets "Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter".

I Forvaltningsplan for Reinheimen er forholdet til å gi dispensasjon ikkje diskutert spesielt, men bruk av drone kan vera særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken skal vera skjerma for unødig støy og uro. I høve støy, er lyden av elektrisk drone godt merkbar på kort avstand, men jo lengre avstand, jo mindre lyd. Ved bruk av drone er det svært viktig å halde god avstand til sårbare lokalitetar for rovfugl og vilt.

Drone er ein relativt ny sakstype og forvaltningspraksisen for behandling av slike søknader er framleis liten i Reinheimen, men dei siste åra er det behandla fleire søknader om bruk av drone. Nasjonalparkstyret har utarbeida ei matrise for kva føremål det blir gjeve dispensasjon til. Det er gjort ei vurdering for å skilje ut kva føremål som er kurrant og ikkje, og aktuelle vilkår for å avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiar.

Bruk av drone i villreinregistrering er relativt nytt, men det er hausta erfaringar m.a. frå Rondane. I *Villreinen 2019* er ein artikkel om drone på trykk; *Erfaringer fra Rondane – Drone som alternativ til flytelling*. Bruk av drone til minimumsteljing vart testa ut i Rondane sør i 2016. Dronane (to ulike typar) vart testa på ein fostringsflokk på over 1000 dyr og ein på 30-40 dyr, ved at personell tok seg inn med snøskuter 4-500 meter frå flokkane før dronane vart flydd opp til tillat høgde på 120 meter og inn over flokkane. Reinen la merke til begge dronane, og nokre reiste seg og trakk saman, men ingen fluktreaksjon. Erfaringane var såpass gode at villreinutvalet investerte i utstyr og dei siste 3 åra har drone erstatta bruk av småfly under minimumsteljing. Det er også testa ut under kalveteljing. Artikkelen konkluderer med at bruk av

drone til villreinteljing verkar ikkje å uroe dyra i nemneverdig grad. Videoopptak frå teljingar i Rondane sør skal samanfatast som vurderingsgrunnlag med tanke på dispensasjonar til bruk av drone for viltregistreringar også i verneområde, heiter det i artikkelen. Artikkelen tek elles opp ein del tips om dronebruk, eigna type drone til formålet mm.

I rapporten frå Reinheimen-Breheimen villreinutval, 28.10.21, går det fram at det vart testa bruk av drone til kalveteljing i Tundradalen (Breheimen) i juni 2020. Bilete under vart teke ca. 70-80 meter over bakken, og dyra viste ingen reaksjon før drona kom under 60 meter over bakken. Rein kikka opp etter drona, men beite likevel roleg vidare. Det var altså inga stressreaksjon i flokken på grunn av drona. Dronepiloten hadde i følgje søkar ein avstand til flokken på ca. 400 meter.



Strukturteljing blir utført etter jakta i brunstperioden, da både simle og bukk er samla i flokkar, og skal gi eit representativt bilete kjønnsforholdet og alderssamansetning i stammen. Strukturteljinga er utført av bakkemannskap som finn flokkane til fots og brukar kikkert, diktafon, foto og videoutstyr. Søkjar skriv at det er interessant å teste ut bruk av drone for å få betre bildegrunnlag, og sikrare data på strukturen i villreinbestandene.

Villreinteljingar er viktig for forvaltning av villreinbestanden, og for verneføremål og verneverdiane i Reinheimen. Både kalveteljing og strukturteljing går også inn under måleparametre i «Miljøkvalitetsnorm for villrein», eit arbeid som startar opp i 2021. Dei lokale villreinutvala skal bidra i dette arbeidet, i samarbeid med NINA. Som det går fram av søknaden er drone ein effektiv måte å registrere andel eldre bukk pr simle på etter jakt.

Minimumsteljinga i januar blir gjennomført med helikopter, og dispensasjon til dette er gjeve i 2019, og gjeld fram til om med 2024. I denne søknaden er det kalveteljing og strukturteljing som skal vurderast, men søkjar har peika på at dei ønskjer ei samordning av sine søknader om motorferdsel/drone for alle villreinteljingar, slik at dei gjeld for same periode.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande i området. Basert på villreinregistreringar ved bruk av drone i andre villreinområde er det opparbeida ein viss kunnskap. Bruk av drone til villreinregistreringar, er viktig for kunnskapen om forvaltninga av villreinbestandane i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området, og konsekvensane av tiltaket. Det er viktig at tiltaket blir gjennomført på ein skånsam måte for å redusere påverknaden på villreinen. Dersom vilkåra i dispensasjonen blir følgt, er det ikkje nødvendig å ta i bruk *føre-var-prinsippet* (MNL § 9) i samband med søknaden.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)

Den samla belastninga som økosystemet blir utsett for er vurdert som liten, og ein kan heller ikkje sjå at bruken av drone i dette tilfellet vil påverke verneføremålet eller verneverdiane nemneverdig. Korleis villreinen eventuelt blir påverka på sikt, må vurderast ved evaluering av framtidig bruk av drone til dette føremålet.

Tiltaket vil ikkje skape uheldig presedens, da Reinheimen-Breheimen villreinutval har ansvar for villreinteljingar og forvaltning av villreinbestand i villreinområdet. Tiltaket er og viktig i arbeidet med «Kvalitetesnorm for villrein» i regi av NINA.

Tiltaket medfører ikkje miljøforringing dersom det blir utført på ein omsynsfull måte, og NML § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. Bruk av drone/småfly/helikopter er i dette tilfellet effektive metodar, som gir forbigåande og stuttvarig uro, jf. NML § 12, om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*».

Villreinteljingane er av stuttvarig omfang, og belastning for verneverdiane i området er vurdert å vera nødvendige og akseptable. Perioden det er søkt om er på sommaren og i etterkant av villreinjakta, der villrein er mindre sårbar. Dispensasjon skal gjelde fram til og med 2024, slik at ein ved fornying av dispensasjon kan samordne behandling av søknader om motorferdsel og bruk av drone til villreinteljingane i verneområdet.



Arkivsaksnummer:	2021/450-2	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	18.02.2021
------------------	------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	18/2021	12.03.2021

Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - utplassering av Fjellgeitposter - Tverråhytta - Fjellgeita i Skjåk v/ Olav Øiberg

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3, f) og pkt. 5.2 får Fjellgeita i Skjåk IL, dispensasjon til å sette opp retningsskilt i startpunkt og i stigkryss, og ein turorienteringspost ved Tverråhytta, i Reinheimen Nasjonalpark.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon til oppsetting av skilt og turorienteringspost gjeld i sommarsesongen 2021.
- Skiltet skal settast opp etter 1.juli av omsyn til sårbare fuglelokaliteter i Tordalen
- Retningsskilt og turorienteringsposten skal fjernast og fraktast ut av området når fottursesongen er over.
- Etter kvar sesong og innan 31.desember, skal Fjellgeita Skjåk IL sende ein stutt rapport på e-post til Nasjonalparkstyret for Reinheimen, for å dokumentere aktiviteten og ferdsel til turorienteringsposten.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at retningsskilt og turorienteringsposten vert fjerna, dersom tiltaket fører til skade for verneverdiar i området.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Fjellgeita i Skjåk v/ Olav Øiberg, e-post 18.02.21

Saksopplysningar

Søknaden

Olav Øyberg søker på vegne av Fjellgeita i Skjåk IL, om å sette opp retningsskilt og ein turorienteringspost ved Tverråhytta i Reinheimen nasjonalpark. Fjellgeita er ei undergruppe i Skjåk IL, og arrangerar turorientering for alle aldersgrupper i Skjåk.

I e-post frå Olav Øyberg 30.12.2019, står følgjande:

Fjellgeita er ett turorienteringstilbud for barn, ungdom og voksne i Skjåk. Dette foregår ved at vi hvert år setter ut 10 stempelposter rundt omkring i Skjåk, og deler ut Fjellgeitfolder til alle husstander innenfor kommunen, i tillegg til at vi også legger ut skjema tilgjengelig hos biblioteket og i noen butikker. Alle som stempler på 4/6 turer (under/over skolealder) får premie. Vår visjon er å få barn, ungdom og voksne ut i naturen / til å bli glad i naturen / til å bli kjent i Skjåk.

Vi har planer om å ha en post innenfor Reinheimen nasjonalpark sesongen 2021 (mai - oktober). Denne posten vil være:

- Tverråhytta, UTM32 N6883992 Ø0437687

Selve posten består av en stempelpost og i tillegg vil det bli noen retningsskilt strategisk plassert ved startpunkt og stiskiller for å vise vei, se vedlagte bilder. Alt blir fjernet igjen når sesongen er slutt i løpet av høstferien, og vår aktivitet skal ikke lage noen permanente inngrep.

Opplegget er det samme som tidligere år. Fjellgeita har pågått siden 2004 og det er hvert år ganske mange både barn og voksne som går disse turene. For mere informasjon om vår aktivitet, se nettsiden <https://skjakil.no/fjellgeita/>, eller vår Facebookside. Håper dette er greit og at vi kan gjennomføre dette som tidligere.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står det følgjande om oppsetting av skilt: Forvaltningsstyresmakta kan vidare etter søknad gje løyve til merking av stigar og oppsetting av skilt i medhald av forvaltningsplanen (jf. kart nr. 2).

I forvaltningsplanen s. 42 står følgjande om organisert ferdsel: «Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 5.2, 5.3.

All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø. Med direkte heimel i verneforskrifta er det tillate med organisert turverksemd til fots når dette ikkje er til skade for naturmiljøet.

Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor nasjonalparken kjem også inn under organisert ferdsel.

Naturmangfaldlova

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter prinsipp for offentlig avgjerd, jf. nml §§ 8–12 (kunnskapsgrunnlag og miljørettslege prinsipp).

Presedens


I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Tiltaket dreier seg om organisert ferdsel, med merking av løypa og annonsering. Ønskje er å få folk til å gå på tur i naturen, og tiltaket er eit helsefremmande føremål. Friluftsliv er ein tilleggsværdi i nasjonalparken, nedfelt i formålsparagrafen for Reinheimen nasjonalpark, § 2: *«Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Fjellgeita i Skjåk IL har fått løyve til å sette opp retningskilt og turpost om oppsetting og på Einstulkampen og Storhøhytta i Reinheimen nasjonalpark i 2019 og 2020. Det vart gjeve dispensasjon til oppsetting av turposten, med vilkår om å gje ein stutt rapport om ferdsel og aktivitet. Fjellgeita har rapportert om at ca. 70 personar besøkte fjellgeitposten på Einstulkampen i Reinheimen i 2019, og 13 personar til Storhøhytta i 2020. Tilretteleggingstiltaket fører til lite ferdsel, og belastning i verneområdet. Det er likevel viktig å følgje med på utviklinga av aktiviteten.

Fjellposten skal settast opp ved Tverråhytta i Reinheimen nasjonalpark (markert i kartet under). Det er ein etablert DNT-stig frå Billingen inn Tordalen via Tverråhytta, vidare til Torsbu. Det vil naturlegvis vera aktuelt å sette opp retningskilt frå stigstarten, og evt i stigkryss undervegs. Turen til Tverråhytta går på etablert merka stig og er såleis kurrant å merke.



Det er god oversikt over biotopar og artsmangfald i området. Tilretteleggingstiltaket for ferdsel er i eit område der leveområde for villrein er sentralt føremål.

Turstigen gjennom Tordalen går i eit område med ein sårbar rovfugllokalitet.

(Høitomt, G. & J. Opheim 2018. *REINHEIMEN NASJONALPARK (med tiliggende verneområder)* - Sårbarhetsvurdering rovfugl/våtmarksfugl 2017. Kistefoss Skogtjenester, Rapport nr. 6 2018.) Lokaliteten er spesielt sårbar i perioden 01. februar til 15. juli. Traseen gjennom Tordalen er konfliktfylt, og det er særleg skiutfart knytt til påska som er uheldig, og som kan vera orsak til at rovfugllokaliteten er mindre brukt. Av omsyn til sårbare fuglelokalitetar i området er det viktig at ein venter med å sette opp fjellgeitposten til juli.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom artsdatabasar og rapportar. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Dersom ein observerer rovfugl eller andre sårbare viltartar, er det viktig å halde god avstand for å unngå unødig forstyrring.

Kunnskapsgrunnlaget er godt, jf. nml § 8, og det er ikkje naudsynt å ta i bruk «føre-var-prinsippet» § 9 i nml.

Den totale belastninga av ferdselen i området i samband med turorienteringspostane til Fjellgeita i Skjåk er små. Det er aksept for tilrettelegging med midlertidig oppsetting av skilt i barmarksesongen, til i Reinheimen nasjonalpark. Vilkår kan avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane, og krav om rapportering gir høve til å følgje med på utvikling av ferdselen.



Arkivsaksnummer:	2021/1653-2	Saksbehandlar:	Mari Melbø Rødstøl	Dato:	01.03.2021
------------------	-------------	----------------	--------------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	19/2021	12.03.2021

Dispensasjon - Reinheimen NP - rehabilitering av seterhus gbnr 83/5 - Kabben - Pål Vadet - Marianne Motterud

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i forskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3 punkt 1.3. c, og § 48 i naturmangfaldlova, får Pål Vadet og Marianne Motterud løyve til å gjennomføre nødvendige drenering og restaurering av hytta si på Kabben i Brøstdalen. Vi gir med dette løyve til både alternativ 1 og alternativ 2 i søknaden. Dei får samstundes løyve til motorisert ferdsel i samband med dette.

Alt 1: Ny drenering. Ny trapp ved inngang. Reinsk/pussing av terreng langs ringmur. Arbeidet utførast mens hytta står der.

Alt 2. Hytta løftes til side med kran og flyttes tilbake på samme plass når arbeidet med gulv, grunnmur og drenering er ferdig.

Dispensasjonen er gitt med følgjande vilkår:

- Grøfta som graves må følgje trase vist på bilete/kart s 3. Torva skal leggst på plass etter gravinga, slik at det blir minst mogleg sår i terrenget og engplantar bevarast.
- Ved graving/rydding/pussing av grunnmur, skal det ikkje gravast meir enn 0,5m frå murveggen.
- Ei ny trapp ved inngangspartiet skal ha maks mål på 1,8m x 1,5m, jmf tekning s 3.
- Statens naturoppsyn (SNO) v/Thomas Rødstøl (mob: 915 47 617), skal varslast på SMS dagen før oppstart.
- Innan 2 veker etter avslutta arbeid med maskin, må gravemaskin/kran fjernes frå seterstølen.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding og fjerning av gravemaskin/heisekran er 01.10.2022.

Vi oppmodar søkjar om å være obs på rødlista arter som finns på setervollen og ta spesielt hensyn til desse ved køyring på mark og ved graving. Engplanter på slåttemark og beitemark har dei siste 50-60 åra hatt ein sterk nedgang. Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Pål Vadet og Marianne Motterud sendt på e-post 02.02.2021.

Skjøtselsplan for Romsdalen landskapsvernområde (2019).

<https://okologiskegrunnkart.artsdatabanken.no/>


Saksopplysningar

Søknaden

Pål Vadet og Marianne Motterud ynskjer å utbetre ringmur og golv i seterhuset deira på Kabben i Brøstdalen. Dei har saman med entreprenør sett for seg to moglege alternativ for utbetring.

1. Gulv, peis og pipe rives, innfylling med laus leca eller glasopor (innanfor eksisterande ringmur), nytt golv på grunn med oppforet tregulv. Ny pipe og ildsted. Ny drenering. Ny trapp ved inngang. Rensk/pussing av terreng langs ringmur.
2. Gulv, peis og pipe rives. Huset kranes av eksisterande ringmur og settes midlertidig til side. Eksisterande ringmur fjernes, masseskifte, ny drenering, ny ringmur med golv på grunn (samme plassering som tidligere). Hus løftas på plass på ny ringmur. Ny pipe og ildsted. Ny trapp ved inngang.

Dei ynskjer at nasjonalparkstyret vurderar både alternativ.




Plassering av hytta på Kabben i Brøstdalen.



Motterud - Kabben gnr/bnr 83/5
Situasjonsplan



Skisse av dreneringstrase.



Skisse av trappa.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

Romsdalen landskapsvernområde er i medhald av verneforskrift § 3 pkt. 1.1 verna mot inngrep; *Området er verna mot inngrep som kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar, vegbygging, vassdragsregulering, (,,,,,,). Opplistinga er ikkje uttømmende.*

I § 3 pkt. 1.3. c, opnar forskrifta for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

Forvaltningsplan

Forskrifta er vidare forklart slik i forvaltningsplanen;

For landbruksbygg skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov. For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks. 3 bygningar.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Bruk av motorferdsel til graving av grøfter er ikkje omtala i verneforskriftene og må behandlast etter naturmangfaldlova § 48, som unntak frå vernevedtaket.

Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

For å ta vare på seterhuset/hytta må det drenerast og søkjar har sett på to alternative måter å gjerne dette. Begge tiltaka vil kunne føre naturen tilbake til dagens status etter nokre sesongar. Inngrepet vil bestå i ei graving av grøft bak hytta, som er nødvendig for at hytta skal få ei god drenering. Dette ser vi på som ein akseptabel grunn for å gjere eit inngrep som er reversibelt. Dei ynskjer og å bruke gravemaskina til å senke torva rundt murane på hytta.

Samstundes som vi gjer løyve til ombygging og gravinga dette medføre, gjer vi løyve til motorferdsel, då dette medføre køyring av anleggsmaskiner på tunet utanfor grusveg. Vi set eit vilkår om å fjerne desse etter endt arbeid, for å unngå at store maskinar blir ståande på seterunet i lengre tid enn nødvendig.

Trappa dei ynskjer å lage vil erstatte ein pallelignande trapp som ligg der i dag. Med eit areal på 1,8m x1,5m og bygd i treverk, vil dette bli ei beskjeden ombygging som forbetrar utsjånad og funksjon på trappa.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Det er allment kjent kunnskap at motorferdsel kan virke forstyrrande på dyreliv. I tillegg er støy frå motorferdsel ofte forstyrrande på friluftslivet. Dette er bakgrunnen for å minimere motorferdsel og styre den til tidspunkt da det gjer minst mogleg skade og ulempe for andre, både dyreliv og menneske.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området. Det er gjennom naturdatabasen god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Engplanter på slåttemark og beitemark har dei siste 50-60 åra hatt ein sterk nedgang. På setervollen ved Kabben er det ifylgje artsdatabanken registrert fleire typar marinøkkel som er ein truga art. Det er ikkje registrert arten rett rundt hytta til søkjar, men sidan den finns på andre stadar i setervollen, kan vi ikkje utelukka dette. Vi ber difor søkjar om å ta vare på desse artane og ta omsyn under anleggsarbeidet. Når ein fjernar torv, er det eit vilkår om at torva skal leggjast fint tilbake etter at gravinga er ferdig.



Bilete: Åslaug Viken | [Marinøkkel *Botrychium lunaria* \(L.\) Sw.](#)

Føre-var-prinsippet (§ 9): Ved å sette vilkår for korleis arbeidet skal utførast, tek vi omsyn til føre var prinsippet. Vi set som vilkår at maskinane må fjernast frå seterstølen etter at arbeidet er utført. Slik unngår vi at det står maskiner i lengre tid på stølen unødig. Vi set og vilkår om at torva skal leggst på plass igjen, slik at engplantane kan overleve flyttinga.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. Det er lite eller inga særleg belastning for økosystemet ved dette tiltaket. Etter nokre år vil naturen ha revegetert seg rundt hytta. Lydureining ved motorferdsel utanfor vegen vil og være forbigåande.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet er vurdert til ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Utgravinga er i nærleik av seterveg så maskinane vil ikkje køyre over store strekningar utanfor veg.

Ut i frå ei totalvurdering meiner vi at omsøkt tiltak ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og påverkar ikkje verneverdiane nemneverdig. Vi ser difor inga problem med at søkjar får moglegheit til å vurdere det beste alternativet for å gjennomføre drenering bak hytta si og bygge ny trapp. Belastinga for verneområdet er forbigåande og akseptable, og vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.



Arkivsaksnummer:	2021/1071-5	Saksbehandlar:	Mari Melbø Rødstøl	Dato:	05.03.2021
------------------	-------------	----------------	--------------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	20/2021	12.03.2021

Reinheimen NP - dispensasjon - 2021 - tilbygg til uthus og omdisponering av utedo - Brøstdalen ved Kabben gbnr 18/3/1 - Vidar Brude

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i § 3 pkt.1.3, c, forskrift for Romsdalen Ivo, får Vidar Brude avslag på søknad om å sette opp eit tilbygg til uthuset sitt i Brøstdalen i Romsdalen landskapsvernområde. Tiltaket er ikkje i tråd vernereglane og forvaltningsplanen, då det samla arealet av dei to bygga allereie overstig 75 m². Ein dispensasjon utover dette kan føre til uheldig presedens som kan uthole vernereglane.

Med heimel i § 3 pkt.1.3, c, forskrift for Romsdalen Ivo, får Vidar Brude dispensasjon til å bygge om det eksisterande uthuset, ved å rive det gamle og bygge eit nytt uthus med same ytre mål som det gamle.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Bygget skal oppførast på same tomt som det opphavlege bygget.
- Bygget skal følgje mål på vedlagt tegning av det gamle bygget (maks ytre mål: 7,5m x 2,55m). Etter oppføring av grunnmur skal bygget ha ein maks høgde på 3 m.
- Taket kan tekkast med stål, papp eller torv.
- Tak og kledning skal ha duse, naturlege fargar, og ligne på tilhøyrande hytte.
- Ombygginga skal ikkje føre til bruksendring av uthus. Det må innreist til lager og utedo.
- Etter bygging skal bygningsmateriale som er til overs, ryddast bort frå området.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding er i løpet av 01.10.2023.

Vi gjer merksam på at Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltaket må òg avklarast med kommunen og grunneier.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Brev med søknad og vedlegg frå Vidar Brude datert 13. januar 2021.

Saksopplysningar


Søknaden




Vidar Brude søker om to små tilbygg og omdisponering av areal på uthus ved hytta si i Brøstdalen. Han grunngjev behovet for utbygginga til eit behov for eit musetett utedo og behov for meir lagringsplass. Familien er plaga av diverse allergiar. Med mus og røyskattar som oppheld seg overalt i uthuset, er det vanskeleg å holde reinhold, skriv han i søknaden. Han ynskjer også større lagringsplass, då familien er stor, og det er ulike behov. Han ser og eit behov for å ha to kammer til å lagre ved. Størrelsen på hytta og uthus er i dag til saman 79m² BRA. Dette er 4 m² meir enn tillat areal i verneområda, då bygga vart godkjent før verneplanen trådte i kraft.

Søkar ynskjer ikkje å «pusse opp» eksisterande uthus då bygningen er frå 1948 og av dels tilhogde furustokker og dels sagde materialer. Han har vurdert å rive og så bygge det opp igjen på nytt. Dette beskriv han slik: *Jeg har vurdert alternativet med å søke om å rive eksisterende ut hus og utedo - for så å bygge uthuset opp igjen med dagens standard osv.*

Et slikt alternat vil kunne gi oss en musefri utedo. Vi ville ikke få vedrom nr. 2 - og heller ikke et nytt lite rom til musefri i lagring - om vi skal forholde oss til uthusets grunnflate og de plassbehov vi har.

(Etter ein samtale med Vidar Brude 26.02.2021 er han samd i at han ynskjer å ha denne moglegheita i same søknad.)





Utdrag frå søknaden:

OMSØKTE TILBYGG;

Ny utedo:

Mot vest et tilbygg til uthuset på ca 1,86 m² BRA med utv. mål 1,0 m x 2,53 m til en musefri utedo. Jeg ønsker å bygge en helt tett musefri utedo med betongring for oppsamling under, samt luke bak på ilbygget for tømning. Videre 12 volt avtrekk over tak fra kompostering under gulvet.

Plasseringen av både gammel og ny utedo er på en grusmorene som ligger 4 - 5 m over øvrig terreng. Det ansees ikke for å være forurensingsfare til vassdrag.

Nytt lagerrom:

Mot øst et tilbygg til uthuset på ca 2,56 m' BRA med utvendige mål 1,3 m x 2,53m til et musefritt lagerrom. Vi har behov for et musefritt lagerrom til barneleker, telt, utestol-puter, barnestoler, barnesykler, soveposer, ryggsekker, hengekøyer, sesongklær, sesongsko osv osv.

Nytt lagerrom vil gjøre det mulig å slippe å flytte rundt på ting og klær og sko og leker og barnestol og sitteputer inne i hytta - avhengig av hvem som bruker stedet. Det er et reelt behov for et nytt permanent lagerrom utenfor hytta som er musefritt, tørt, rent og låsbart.

Nytt vedrom nr. 2:

Omdisponering av eksisterende utedo. Dagens utedo søkes omdisponert til en lenge etterlengtet vedbod nr. 2. Ved å omdisponere og bygge om eksisterende utedo til vedbod nr. 2 - kan vi få en vedbod til tørr ved, og en vedbod til rå ved som er i en tørkeprosess. Nå har vi kun en vedbod til både rå og tørr ved. Blanding av rå og tørr ved er et vedvarende problem med så mange brukere som hytta har.

Tilbyggene er tenkt utseendemessig helt identiske med eksisterende uthus. Uthuset er kun tenkt tilbygget i lengderetningen, slik at ut huset blir 1,3 m lenger mot øst og 1,0 m lenger mot vest. Uthuset har tidligere vært grønt og brunt / naturfarget. Jeg tenker en barkbrun jordfarge kan være en fin og passende farge på ut huset når alt er ferdig bygget. Hytta har en solbrun brunfarge på den gamle delen, og en mørkbrun farge på den nyere panelte delen.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forskrift for Reinheimen NP 24.11.2006.
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

Romsdalen landskapsvernområde er i medhald av verneforskrift § 3 pkt. 1.1 verna mot inngrep; Området er verna mot inngrep som kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar, vegbygging, vassdragsregulering, (,,,,,,,,). Opplistinga er ikkje uttømmende.

I § 3 pkt. 1.3. c, opnar forskrifta for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

Forskrifta er vidare forklart slik i forvaltningsplanen;

Oppføring av nye bygg til formål nemnt i verneforskrifta kan godkjennast etter søknad. Det skal ikkje gjevast løyve til nybygg dersom dette strir mot verneformålet. Ein skal mellom anna vurdere om det aktuelle tiltaket kan endre landskapet sin art eller karakter. Ved søknader om nybygg skal ein leggje vekt på om det allereie finst bygningar som kan settast i stand eller byggjast om, slik at dei dekkjer formålet med det ønskte nybygget. For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks. 3 bygningar.

Forvaltningsplan

Forskrifta er vidare forklart slik i forvaltningsplanen;

For landbruksbygg skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov. For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstig 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks. 3 bygningar.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

I forvaltningsplanen er reglane for utbygging klare når det gjeld storleik. For fritidsbygg skal ikkje samla areal overstige 75 m². Det er i liknande saker gitt avslag på utbygging som overstig 75 m² i Romsdalen lvo. Eit unntak frå denne regelen vil skape presedens for eit stort tal hytter i område.

Søkjær grunngir utbygginga bla utifrå eit behov for musefritt opphaldsrom. Ved å gje løyve til å bygge om det eksisterande uthuset ved å rive det gamle og bygge eit nytt uthus i same storleik, meiner vi at søkjær får dekt dette behovet på same måte som ved eit tilbygg. Det einaste han ikkje vil oppnå er ein utviding og få meir lagringsplass. Eit behov for meir lagringsplass kan vi ikkje finne som godt nok grunnlag for å gje unntak frå verneforskrifta.

Etter ein samtale med søkjær kom det fram at det var ynskjeleg at også denne moglegheiten vart vurdert i søknaden.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området. Det er gjennom naturdatabasen god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Føre-var-prinsippet (§ 9) er eit av grunnlaga for å seie nei til utviding, då det kan føre til at dei andre hyttene i verneområda krev det same.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. I denne saka må ein vurdere om ein tillating i dette tilfelle kan føre til at andre vil søke om dispensasjon til tilsvarande tiltak, jf. *Retningslinjer for vurdering av presedens i byggjesaker etter naturmangfaldlova § 48*, Mdir 07.04.2015. Det er 10 parter i Tunga Sameie med små og til dels store hytter. I tillegg er det mange hytter og seterbygningar i Brøstdalen ved Kabben, Horgheimsetra, Furholen og i Vermedalen. I forvaltningsplanen er det ikkje oppgjeve samla totalt tal på hytter i verneområdet. Det er stort sannsyn at det vert fleire tilsvarande søknadar om oppføring av nye tilbygg ved hytter, både i Romsdalen landskapsvernområde, men òg i dei andre landskapsvernområda i Reinheimen. Å gå utover fastsett arealgrense vil skape uheldig presedens og føre til ei utholing av vernereglane.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode, er vurdert til ikkje relevant.

Konklusjon

Ut i frå ei total vurdering blir søknad om tilbygg til bod ved hytte i Brøstdalen i Romsdalen lvo, som vil overstige samla areal på 75m², tilrådd avslått. Tiltaket er ikkje i tråd med vernereglane og kan føre til uheldig presedens som kan uthole vernereglane.

At søkjær får rive den gamle boden og sette opp ein ny bod med same mål som den gamle, vil ikkje stride med vernereglane og vil kunne dekke nokon av søkjars behov.



Arkivsaksnummer:	2021/2551-2	Saksbehandlar:	Mari Melbø Rødstøl	Dato:	05.03.2021
------------------	-------------	----------------	--------------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	21/2021	12.03.2021

Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - oppføring av utedo ved bu Nordre Grønvatnet - Lesja fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Lesja fjellstyre dispensasjon til å oppføre utedo ved Nordre Grønvassbu i Reinheimen nasjonalpark. Tiltakets omfang vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Utedoen skal plasserast i nærleik av hytta. Endeleg plassering i terrenget skal skje i samråd med forvaltar.
- Fundamentet på utedoen skal være ein enkel mur med naturstein.
- Utvendig kledning skal vera av same type og farge som på tilknytt hytte.
- Takmaterialet skal vera av tre eller takshingel/papp.
- Bygget skal følgje mål på vedlagt bilete (ytte mål maks 90 m X 1,03 m).
- Etter oppføring med grunnmur skal bygget ha ein maks høgde på 3 meter.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **01.10.2022**. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Vedtaket gjeld i høve verneforskrift. Tiltaket må avklarast med grunneiger og kommune.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Lesja fjellstyre epost, 24.02.2021.
- Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48.

Saksopplysningar

Søknaden

Lesja fjellstyre søker om å få sette opp utedo ved fjellstyrets bu ved Nordre Grønvatnet GID 3432/157/1/54 i Reinheimen nasjonalpark. Det er ikkje nokon doløysing ved Nordre Grønvassbu i dag. Terrenget er ope rundt bua og det er difor eit behov for ein do med veggjar og tak. Doen vil bli kjørt innover i forbindelse med en av tilsynsturene som ble innvilget fra vernemyndigheten i sak 2020/13338-2 432.3.



Bilete av liknande utedo. Størrelse på doen er 90x105 cm (utvendig).



Pila syner kor hytta ved Nordre Grønvassbu

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde*
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald*
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord*
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi*
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar*
- ta vare på vassdragsnaturen i området*
- verne om kulturminne.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrifta, § 3, pkt. 1.3.

a) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.

b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for bygningar og byggetiltak mm. utdjupa, jf. retningslinjer, pkt. 4.3.2, frå s. 38:

Byggeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b og c.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- *Materialval*
- *Byggjeteknikk*
- *Utforming og farge,*

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

Nye bygg § 3, pkt 1.1,

Nye bygg tillatast ikkje oppført

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Det er søkt om å bygge utedo ved fjellstyrehytta på Nordre Grønvassbu. Det er ikkje nokon utedo på denne hyttane frå før, så dette vil reknast som eit nybygg. Oppføring av nye bygg er jf. verneforskrift for Reinheimen, § 3, pkt. 1.1 ikkje tillate. Saka må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48, som unntak frå vernevedtaket.

Presedensvirknad: Det er allereie gitt løyve til å byggje utedo ved ein rekke andre fjellstyrehytte i Reinheimen.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12:

Kunnskapen om naturverdiar og villreinen sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget) og § 9 (føre-var prinsippet). Økosystemtilnærming og samla påverknad, jf. naturmangfaldlova § 10. Dette er ei hytte som blir relativt lite besøkt då det tar ca 5-6 timar å gå dit. Eit utedo her trur vi ikkje vil føre til ekstra besøk, men vil heller hindre forsøpling rundt det flate landskapet rundt hytta. For villrein er det auka besøk som stresser bestanden, og då dette bygget ikkje aukar overnattingskapasiteten, vil dette truleg ikkje kome i konflikt med villreinen. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder §11, er ikkje vurdert som relevant i dette tilfelle.

Lesja fjellstyre har allerie fått innvilga motorisert ferdsel til hyttene, så utedoen vil bli køyrt inn i samband med ein av turane dei allereie har løyve til.

Sidan hyttene blir benytta til overnatting kan eit utedo hindre forsøpling av dopapir i desse områda og nytta av eit utedo vil være større enn ulempen. Ut ifrå ei total vurdering og med dei vilkåra som er satt, vil tiltaket ikkje stride mot verneføremålet for nasjonalparken.



Arkivsaksnummer:	2021/1242-2	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	08.02.2021
------------------	-------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22/2021	12.03.2021

Reinheimen NP - Ottadalen LVO - dispensasjon - 2021 - 2024 - utsetting av fisk - Skjåk Almenning

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 3.3, a), og Ottadalen landskapsvernområde § 3, 3.1., får Skjåk Almenning dispensasjon til å sette ut fisk, aure frå A/S Vågåfisk, i fiskevatn der det er gjort tidlegare, jf. vedlegg 7 i forvaltningsplan.

Dispensasjon er gjort med følgjande vilkår:

- Fiskeutsetting gjeld for 5 år, f.o.m. 2021 t.o.m. 2025.
- Skjåk Almenning skal følgje instruksar og vilkår for fiskeutsetjing, gjeve av fylkesmannen i Oppland 14.05.2003. (tidlegare ansvarleg for forvaltning av innlandsfisk).
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal ha tilsendt ein årleg rapport om fiskeutsettinga innan 31.desember kvart år.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Skjåk Almenning, datert 22.01.21
- Tillatelse til utsetting av aure i Skjåk Almenning, Fylkesmannen i Oppland, 14.05.2003
- Forvaltningsplan for Reinheimen - Vedlegg 7. Vatn i Reinheimen der det er sett ut fisk

Saksopplysningar

Søknaden

Skjåk Almenning søker om eit generelt løyve til å sette ut fisk i vatn der det tidlegare har vore sett ut fisk i Skjåk Almenning. Det står følgjande i søknaden:

Søknad om utsetting av fisk

Skjåk Almenning søker med dette om ei generell løyve til å sette ut fisk i vatn der det tidlegare er sett ut fisk i Skjåk Almenning, Reinheimen Nasjonalpark og Ottadalen LVO. Føresetnadar vil vera at ein nyttar lokale fiskestammar og ein rapporterer utsettinga til nasjonalparkforvaltaren ved årsslutt kvart år.

Bakgrunn for søknaden

I forvaltningsplanen for Reinheimen heiter det etter §3, pkt 3.3 a.: Forvaltningsmakta kan etter søknad gje løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar i vatn der det tidlegare er sett ut fisk. Ei liste over desse vatna følgjer som vedlegg til forvaltningsplanen (vedlegg 7).

Skjåk Almenning søker med dette om ei generell løyve til å sette ut fisk i desse vatna. Den same ordninga har vi i dag med fylkeskommunen (sjå vedlegg). Vi ser på det som tidssparande og meir tenneleg at ein får til ei slik ordning også med forvaltninga. Om det ikkje er mogleg å få vedtak på ei generell løyve, så er det i så fall ynskt at ein kan få fleirårig løyve til fiskeutsetting i dei nemnte vatna

Føresetnadane med ei generell løyve må vera at ein held fram å bruke settefisk frå ei lokal stamme (Lemonsjøstamme frå A/S Vågåfisk). For vatn som eventuelt drenerer til Vestlandet må det settast fisk av ei stamme som dei aksepterar. Rapporteringsplikt fylgjer åreleg innan 31.12 kvart år.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Søknaden vert vurdert i samsvar med:

- Forskrift for Ottadalen landskapsvernområde, 24.november 2006.
- Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.november 2006.
- Naturmangfaldlova, 2009.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010

Verneformål – forskrift

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på et stort, samanhengande villmarkspreget fjellområde, og eit høg fjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald, der mellom anna vassdragsnaturen er ein del av verneføremålet.

Etter verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, er utsetting av fisk forbode, men *forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utsetting av fisk frå lokale stammar der dette er gjort tidlegare*, jf. verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 3.3, a). I landskapsvernområda er fiskeutsetjing regulert som i nasjonalparken, jf. § 3, pkt. 3.1.

Forvaltningsplan

I Forvaltningsplan for Reinheimen, s. 148 står følgjande:

«Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til utsetting av fisk med opphav i lokale stammar i vatn der det tidlegare er sett ut fisk. Ei liste over desse vatna følgjer som vedlegg til planen (vedlegg 7).»

[Vedlegg 7](#)

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningslinjer i forvaltningsplan og naturmangfaldlova § 48 må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Vurdering

I vedlegg 7 (tabell under) til forvaltningsplan for Reinheimen er det sett ut fisk i følgjande **61** vatn, innafor Skjåk Almenning og i verneområdet:

Det er sett ut fisk i alle vatn i Skjåk, lista er derfor ikkje uttømmende		Tj. sør for Rognebergstj. 1426	4439 68818
Ottavassdraget		Tj. i Skarvedalen 1461	4466 68846
Leirungsvatn 1370	4737 68710	Tj. i Skarvedalen 1555	4479 68846
Enkelttjønn 1375	4723 68722	Tj. i Skarvedalen 1486	4482 68817
Sevaldtj. (Tvillingtj.) 1376	4721 68726	Tj. i Skarvedalen 1520	4484 68807
Horungen 1621	4711 68683	Tj. i Skarvedalen 1538	4498 68810
Aukarsvatn 1258	4612 68707	Langvass-slagån 1435	4409 68821
St. Utletj (Filleutla) 1360	4714 68714	Steinsgårdsløfte 1344	4362 68787
Utletjønn 1360	4706 68723	Steinsgårdsløfte 1325	4365 68792
Meborotjønn 1346	4627 68728	Langvass-slagån 1432	4405 68822
Mjølakolotjønn 1300	4577 68713	Tordsvatn 1336	4387 68913
Åflotjønn 1372	4574 68722	Dorvatn 1502	4452 68861
Øyberget søndre	4515 68667	Dortjønn midtre 1451	4449 68872
Øyberget østre 1167	4520 68669	Storvatn 1495	4482 68901
Tjerngrovtjønn 1214	4560 68681	Bollvatn 1497	4436 68895
Krocketjønn 1338	4544 68709	Spongvatn 1514	4456 68914
Styggedalsvatn 1407	4322 68476	Tjønn v. Spongvatn 1528	4478 68922
Øyberget vestre	4511 68671	Styggedalsvatn 1427	4305 68879
Kyrkjertjønn	4434 68730	Loravassdraget	
Stamåttjønnene	4515 68738	Jehanstjønn 1311	4658 68717
Føystj. (Blåbergstj.) 1470	4467 68836	Bobergstj. Sævarhaug 1446	4598 68737
Dørkamptjønn 1555	4480 68846	Lortjønn 1. vatn 1320	4558 68722
Stamåhjulet 1590	4499 68785	Lortjønn 2. vatn 1315	4558 68727
Stamåttjønnene 1325	4509 68739	Lortj. 3. vatn (Stortj.) 1314	4560 68737
Kvernåttjønn 1187	4446 68730	Lortjønn 4. vatn 1312	4562 68746
Kvernåttjønn 1268	4460 68737	Tafjordvassdraget	
Stamåttjønnene 1322	4496 68739	Kariløfte 1464	4359 68925
Kvernåttjønn 1369	4478 68753	Veltløfttjønn 1458	4350 68936
Kvernåttjønn	4442 68742	Kupevatn 1296	4372 68869
Skarvedalstjønn 1548	4509 68812	Fieldfarettjønn	4325 68931
Langvatnet 1422	4420 68830	Viavatt fremste 1000	4171 68846
Rognebergstjørni 1484	4442 68827	Raumavassdraget	
		Søre Glupen 1556	4448 68928
		Grensevatn 1456	4457 68944
		Alle vatn der det er kjent at det har vore sett ut fisk tidlegare.	
		Utsett fisk i "alle vatn"	

Gjeldande reglar for utsetting av fisk er også vurdert gjennom løyvet gjeve av fylkesmannen i Oppland, som i 2003 hadde ansvar for forvaltning av innlandsfisk.

Fylkesmannen i Oppland har i brev frå 14.05.2003 gjeve Skjåk Almenning løyve til å sette ut aure (*Salmo trutta*) i ei rekke fiskevatn i Skjåk Almenning. Løyvet frå fylkesmannen i Oppland er gjeve med heimel i lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. § 9, jf. forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvannsorganismer §§2 og 5. I løyvet frå fylkesmannen er det mellom anna sett følgjande vilkår:

- settefisk skal vera produsert ved A/S Vågåfisk.
- det skal nyttast settefisk av stamme frå same hovudvassdrag som utsettingslokaliteten.
- tiltakshavar vel sjølv utsettingsmengde, settefiskstørrelse og utsettingstid.
- det er en forutsetning at fleirtalet av de fiskeberettigede i utsettingslokaliteten(e) samtykker i utsettinga.
- fiskeutsettinga skal rapporterast årleg til ansvarleg for forvaltning av innlandsfisk, innan 31.12.

Løyvet frå fylkesmannen gjeld f.o.m. 2003, og inntil vidare så lenge rapporteringsplikta vert overheldt. Det vert gjort merksam på at det no er Innlandet Fylkeskommune som har overtatt ansvar for forvaltning av innlandsfisk, og rapportering om fiskeutsetting skal rettast dit.

Det er god kunnskap om området og vassdraget det gjeld, gjennom kartlegging og registrering som er gjort i samband med verneplan for Reinheimen, og i naturbasen. I Reinheimen er aure einaste fiskearten, med unntak av røye som finst i Røytjønn i Lesja. Sidan det tidlegare er satt ut fisk i fiskevatn innafor Skjåk Almenning, lista opp i vedlegg til forvaltningsplan, er det aksept for ei fornying av dispensasjon til fiskeutsetting. Tiltaket har lange tradisjonar og vil ikkje føre til

skade på naturmangfaldet så lenge ein følgjer instruksjer gjeve av ansvarleg for forvaltning av innlandsfisk i Oppland/Innlandet. Tiltaket oppfyller vilkår gjeve i verneforskrifta, og dispensasjon til utsetting av fisk i verneområdet kan fornyast.

For utkøyring av settefisk til fiskevatna med snøscooter, vert det vist til delegert vedtak i sak 2020/11626, der Skjåk Almenning har fått dispensasjon til å køyre ut fisk med snøscooter i samband med tilsyn og varetransport til almenningshytter, f.o.m. 2021 t.o.m. 2025.

ST 23/2021 Orienteringar